

# **Byråkratisk korruption og effekten på utenlandske verksemder i Vietnam**

Even Fatland



Masteroppgåve ved Økonomisk institutt

UNIVERSITETET I OSLO

14.01.2015

© Forfatter Even Fatland

År 2015

Tittel: «Byråkratisk korruption og effekten på utenlandske verksemder i Vietnam»

Forfattar Even Fatland

<http://www.duo.uio.no/>

Trykk: Reprosentralen, Universitetet i Oslo

# Samandrag

I denne oppgåva vert det nytta eit datasett basert på spørjeundersøkingar hjå utanlandske verksemder til stades i 12 provinsar i Vietnam frå 2013, der det også inngår ein variabel for verksemdene sine korruptsjonsbetingar til offentleg tilsette i Vietnam. Det vert undersøkt kva verknad korruksjon har på profitvekst hjå dei utanlandske verksemdene, og om det er noko skilnad mellom dei på bakgrunn av opphavsland. Analysen rettar seg i hovudsak mot byråkratisk korruksjon overfor utanlandske verksemder, og omfattar i mindre grad «storkorruksjon» som føregår dei høgaste politiske nivåa.

Tre hypotesar vert undersøkte ved å nytte ein IV-strategi. Denne strategien går ut på å nytte sektorspesifikke gjennomsnitt av korruptsjonsbetingar på provinsnivå for å instrumentere for verksemdspesifikke korruptsjonsbetingar hjå utanlandske verksemder til stades i tolv vietnamesiske provinsar. Det vert undersøkt korleis desse korruptsjonsbetingane verkar inn på verksemdvekst målt som profitvekst mellom 2012 og 2013 hjå dei utanlandske verksemdene. Desse tre hypotesane er: (1) At utanlandske verksemder som opererer i Vietnam vert negativt råka av korruksjon, (2) at asiatiske verksemder vert hardare råka enn ikkje-asiatiske verksemder av korruksjonen grunna ulik forretningskultur og (3) at verksemder frå land med låg grad av korruksjon vil verta hardare råka av byråkratisk korruksjon av å operere i eit land som Vietnam, der korruksjon er utbreidd, enn verksemder med opphav i land med høgt korruksjonsnivå.

Ein finn ikkje statistisk grunnlag for å bekrefte Hypotese 1. Vidare vert det funne ein signifikant negativ effekt av korruptsjonsbetingar på profitvekst hjå asiatiske verksemder i samsvar Hypotese 2. Denne negative effekten kan likevel ikkje berre verta forårsaka av ulik forretningskultur, då dette ikkje kan forklara dei store skilnadane i effekten på korruptsjonsbetingar mellom verksemdene frå dei asiatiske landa. Ein finn ikkje statistisk belegg for å bekrefte Hypotese 3. Til slutt indikerer analysen at verksemder frå land mellomstor grad av korruksjon (land som oppnår mellom 50 og 60 på Transparency Internationals korruksjonsindeks) vert negativt råka av byråkratisk korruksjon i Vietnam. Den negative effekten av korruksjon på verksemdvekst for opphavsland med mellomstor grad av korruksjon vert likevel i stor grad driven av verksemdene frå eit land: Sør-Korea.

# Føreord

Eg vil rette ein stor takk til vegleiaren min Jo Thori Lind som gjennom heile prosessen med å skrive denne oppgåva har kome med gode innspel og idear, og som har gjeve verdifull hjelp med statistisk analyse. Eg vil også rette ein takk til Edmund Malesky ved Duke University som var så venleg å sende meg PCI Vietnam-datasettet, som er grunnlaget for analysen i denne oppgåva. Eg vil også takke syster mi Erika som har kyndig korrekturlest teksten, og som fekk meg til å innsjå at «naudsynlegvis» ikkje er eit ord som eksisterer på nynorsk. Eg vil også takke vener, familie og sambuaren min Fanny som har vist interesse for oppgåva mi og som har vist tålmod i møte med min iver i å tale om korrupsjonsfeltet ved eitkvart høve.

# Innhold

Samandrag .....	III
Føreord .....	IV
Innhold.....	V
1    Introduksjon .....	1
2    Teori .....	5
2.1    Er korruption årsak til eller symptom på svake institusjonar? .....	5
2.2    Studiet av korruption i økonomisk teori.....	6
2.2.1    Teoretisk rammeverk.....	6
2.2.2    Empiriske studie av korruption.....	10
2.2.3    Skilnad i effekten av korruption og skatt på verksemder .....	12
2.2.4    Direkte utanlandske investeringar og korruption.....	12
3    Empirisk strategi .....	14
3.1    Økonometrisk strategi.....	14
3.2    Instrumentvariabelframgangen.....	17
3.3    Geografisk og sektorspesifikk inndeling .....	17
3.3.1    Geografisk inndeling på provinsnivå .....	17
3.3.2    Sektorspesifikk inndeling .....	18
4    Bakgrunn og skildring av datasett .....	19
4.1    Bakgrunn for Vietnam .....	19
4.2    Skildring av datasettet .....	19
4.2.1    PCI-datasettet .....	19
4.2.2    Representativitet og innsamlingsmetode for datasettet .....	20
4.2.3    Skildring av variablene.....	21
4.2.4    Kontrollvariabler .....	25
4.2.5    Karakteristikkar for asiatiske og ikkje-asiatiske verksemder.....	27
4.2.6    Observasjonar som fell ut av analysen .....	30
5    Analyse .....	31
5.1    Undersøking av Hypotese 1: Vekst (målt som profittvekst) hjå utanlandske verksemder til stades i Vietnam vert negativt påverka av korruptionsbetalingar.....	31
5.1.1    OLS-estimering .....	31

5.2 Undersøking av Hypotese 2: Asiatiske verksemder vert hardare råka av korruption enn det som er høvet for dei ikkje-asiatiske verksemdene .....	35
5.2.1 Kontroll for teknologi.....	39
5.2.2 Er det skilnadar i korleis korruption påverkar verksemdevkst mellom dei asiatiske landa?.....	43
5.3 Korruptionsnivået i opphavslandet .....	45
5.3.1 Oppdeling av opphavslanda etter plassering på Transparency Internationals korruptionsindeks.....	45
5.3.2 Oppdeling av opphavslanda til verksemdene med høgare poenggrense .....	50
6 Diskusjon.....	55
7 Konklusjon .....	57
Litteraturliste .....	59
Vedlegg .....	62

# 1 Introduksjon

Den 9. juni 2014 vart forretningsmannen og fotballklubbeigaren Nguyen Duc Kien, ein av Vietnams rikaste menn og medeigar i ein stor bank, dømd til 30 års fengsel for svindel på fleire millionar dollar. Analytikarar knyt arrestasjonen til ein maktkamp på toppen av Vietnams kommunistparti, der han vert sett på som ei svekking av Vietnams statsminister Nguyen Tan Dung, ein tidlegare nær alliert av Nguyen Duc Kien<sup>1</sup>.

I eit land som berre har eit lovleg parti, Vietnams kommunistiske parti, og som ligg på 174 plass av totalt 180 land på indeksen over pressefridomen i verda, bak land som Cuba og Saudi Arabia (World Press Freedom Index 2014), så er det vanskeleg å gjere greie for kva det er som eigentleg har skjedd i saka. Likevel indikerer slike og liknande saker at korruption er eit problem som gjer seg gjeldande på dei aller høgste politiske nivåa i Vietnam, og peikar mot at korruption som involverer private verksemder er eit stort problem i Vietnam.

Denne oppgåva er basert på ei spørjeundersøking hjå utanlandske verksemder i Vietnam frå 2013 gjort av Provincial Competitiveness Index (PCI) Vietnam. I undersøkinga vart dei utanlandske verksemndene stilt følgjande spørsmål: **Kor mange prosent av inntekta betalar verksemder i din bransje årleg i gjennomsnitt i uoffisielle betalingar til offentleg tilsette?** (eiga omsetjing). Sjølv om ein ikkje kan sjå vekk frå at dette spørsmålet fangar opp «storkorruption» som i dømet over, så rettar dette spørsmålet seg i all hovudsak mot byråkratisk korruption på lågare nivå, som er langt meir utbredt enn korruption på høgste nivå. Dette er korruptionsbetalingar som vert kravde inn av byråkratar for til dømes å gje ut godkjenningar eller lisensar.

Sjølv om storkorruptionen på høgste nivå er svært vanskeleg å studere, freista Fisman (2001) å måle verdien av korruption på dei øvste nivåa i Indonesia ved å måle verdien av politiske forbindinger til den tidlegare diktatoren Suharto. Han utnyttar rykter om Suharto si helse i perioden 1995-1997 og nytta informasjon om politiske forbindinger til det indonesiske regimet hjå verksemder som var registrerte på den indonesiske børsen. Ved å sjå på korleis aksjekursen til verksemndene varierte med rykta om Suharto si helse, estimerer Fisman at 23% av marknadsverdien til verksemndene med best forbindinger til regimet, er basert på dette nære tilhøvet. Dette gjev eit bilet av kor verdifullt nære tilhøve er på høgste nivå og kor lønsamt

---

<sup>1</sup> BBC artikkel den 9. juni 2014, «Vietnam soccer tycoon Nguyen Duc Kien gets 30 years», kjelde: <http://www.bbc.com/news/world-asia-27758693> (henta den 29/10/2014).

korrupsjon på dette nivået truleg er. Samstundes gjer den same høge lønsemada at denne forma for storkorrupsjon i svært liten grad blir rapportert, og denne oppgåva omfattar derfor i all hovudsak byråkratisk korrupsjon på lågare nivå. I oppgåva vert omgrepene korrupsjon forstått som misbruk av ei offentleg stilling til privat forteneste<sup>2</sup>. Hovudfokuset vil vera på den byråkratiske korrupsjonen som førekjem i kontakten mellom offentleg tilsette og utanlandske verksemder som investerer i Vietnam.

Som ein av dei raskast veksande økonomiane i verda dei siste tiåra har Vietnam vore lukrativt for utanlandske verksemder å investere i, på trass av at korrupsjonsnivået i landet er høgt. I Transparency International sin persepsjonsbaserte korrupsjonsindeks for 2013 ligg Vietnam på 116. plass av totalt 177 land på lista<sup>3</sup>. Dette er bak nabolandet Kina (på ein 80. plass) men samstundes føre nabolanda Laos og Kambodsja (høvesvis rangerte på 140. plass og 160. plass). Vietnam oppnår ein poengsum på 31 på skalaen der 100 er minst korrupt og 1 mest korrupt i den persepsjonsbaserte korrupsjonsindeksen for 2013. Transparency International ser på ein poengsum lågare enn 50 som ein indikasjon på eit alvorleg korrupsjonsproblem. I Verdsbanken si verksemdundersøking som vart gjennomført i Vietnam i 2009, svarte over 50% av verksemndene at det var forventa at dei gav ei «gåve» for å sikre seg ei myndigheitskontrakt eller for å «få ting gjort» (Verdsbanken 2009). Trass desse høge nivåa av korrupsjon har den årlege veksten i Vietnams brutto nasjonalprodukt vore blant dei høgaste i verda dei siste 25 åra. Anwar og Nguyen (2010) syner at ein av drivkraftene bak denne veksten i landet er utanlandske direkteinvesteringar. Å freiste å forstå korleis korrupsjonen påverkar desse verksemndene er såleis eit av dei viktige elementa i å skjøna korleis ein i Vietnam har klart å kombinere høg vekst og stor grad av korrupsjon.

Forsking på korrupsjonsfeltet indikerer at det ikkje nødvendigvis er sjølve korrupsjonsbetalingane som er skadeleg for utviklinga hjå verksemder. Om korrupsjonsbetalinga er skadeleg eller ikkje, avhenger av kva som er formålet med betalinga og korleis den korrupte byråkraten handsamar saka. På ei side kan korrupsjonsbetalinga vera positivt for profitten til verksemda dersom den offentleg tilsette kan fire på reglar og krav, kan skaffe til veie verdifull informasjon, sørge for at verksemda får fleire ordrar eller trakassere

<sup>2</sup> Definisjonen av korrupsjon er berre ein av fleire moglege, og til dømes definerer Harstad og Svensson (2011) korrupsjon som «ei betaling for å tøye reglar» kontra lobbyverksemder som dei definerer som «eit forsøk på å endre regelen». Det er også fullt mogleg å studere korrupsjon mellom private aktørar (Svensson 2005). Definisjonen er likevel den som er mest dekkande for denne oppgåva, som ser på korrupsjon mellom utanlandske verksemder og offentleg tilsette i Vietnam.

<sup>3</sup> Transparency International Perception Index (2013). Kjelde: <http://www.transparency.org/cpi2013/results> (henta den 29/12/2014).

konkurrentar. På ei anna side kan korupsjonsbetalinga slå ut negativt for profitten til verksemda dersom byråkraten krev den inn gjennom trakassering. Slik trakassering kan vera å nekte å utstede naudsynte godkjenningar eller å stanse produksjonen hjå verksemda ved å påpeike feil under inspeksjonar, der målet berre er å krevje inn korupsjonsbetalingar (Rand og Tarp 2012). Denne typen handlingar har til føresetnad at den korrupte byråkraten har evna og viljen til å nytte regelverket for å presse verksemduene til å betala. Kor mykje verksemda faktisk betalar avheng av forhandlingsposisjonen ho har. Dersom til dømes verksemda sit med klare eigedomsrettighetar over eigne produksjonsfasilitetar vil dette gjere det vanskelegare for den offentleg tilsette å krevje inn korupsjonsbetalinga. Kaufman og Wei (1999) finn at korupsjon er assosiert med høgare grad av byråkratisk trakassering, og deira funn går i mot hypotesen om at korupsjonsbetalingar utgjer «smørjing» som lettar byråkratiske prosessar. Fleire studiar tyder også på at det er særleg den negative effekten av byråkratanes bruk av skadelege pressmidel som dominerer (noko som skapar vilkårlegheit og usikkerheit), og at korupsjon derfor verkar negativt inn på verksemduene (Fisman og Svensson 2007; Kaufman og Wei 1999). Første hypotese ein kan setje opp er såleis:

**Hypotese 1:** Vekst (målt som profitvekst) hjå utanlandske verksemder til stades i Vietnam vert negativt påverka av korupsjonsbetalingar.

Studiar innanfor leiing og administrasjon syner at kulturelle faktorar er viktige når verksemda står overfor korupsjon. Luo (2002) peikar på eit sett uskrivne sosiale reglar og normer som står sterkt i asiatiske land som går under namnet «guanxi» i Kina (dei same sosiale reglane og normene vert kalla «wa» på japansk og «inhwa» på koreansk) (Luo, 2002). Guanxi kan forståast som eit åferdsmønster for å etablere gode relasjoner og forbindinger på lang sikt for å sikre tenester. Tilhøvet består av gjensidigkeit, forplikting og sams forståing og er viktig i langsiktige forretningstilhøve (ibid.). I tilhøvet mellom verksemder og offentleg tilsette kan guangxi skape ei avhengigheit mellom dei to ved at ein forventar at tenester vert gjengjeldt. Hypotesen ein kan trekke ut frå dette er at vietnamesiske byråkratar i større grad har tilhøve med asiatiske verksemder basert på guanxi-prinsipp enn det som er høvet med ikkje-asiatiske verksemder. Denne forma for tilhøve kan sjølv sagt både ha positive og negative verknadar på verksemda. Medan tillitstilhøvet kan gje fordelaktige lisensar og liknande og langsiktige tilhøve er positivt for tilliten mellom dei to, kan ein på same måte legge til grunn at dei offentleg tilsette får meir makt til å presse dei asiatiske verksemduene enn det som er høvet med dei ikkje asiatiske verksemduene då relasjonen til byråkraten er *meir verd for dei*, då dei

byggjer langsiktige tilhøve. Resultatet vert at forhandlingsposisjonen til byråkraten er sterkare overfor dei asiatiske verksemndene enn overfor dei ikkje asiatiske verksemndene, som vil har store vanskar med å bygge liknande tilhøve. Hypotesen ein kan trekke ut frå dette er:

**Hypotese 2:** Vietnamesiske byråkratar har ein sterkare forhandlingsposisjon overfor asiatiske verksemder enn ikkje-asiatiske verksemder grunna ein forretningskultur der ein legg meir vekt på å etablere langsiktige relasjonar (guanxi) med asiatiske verksemder. Derfor vil dei vietnamesiske byråkratane nytte meir skadelege pressmiddel mot asiatiske verksemder enn ikkje-asiatiske verksemder, og derfor vil førstnemnde verta hardare råka av korruptionen.

Samstundes peikar fleire studie på at korruptionsnivået i opphavslandet til verksemda er viktig for om verksemda vel å investere i eit anna land. Habib og Zurawicki (2002) finn i si studie at det er eit negativt tilhøve mellom utanlandske direkteinvesteringar og store skilnadar i persepsjonsbaserte korruptionsnivå i opphavsland og mottakarland av investeringane. I den grad persepsjonsbaserte indeksar reflekterer den institusjonelle organiseringa av korruption, vil det for ei verksemmd vera enklare å skjøna og forstå «spelets reglar» for å unngå å verta utsett for kostbart press frå byråkratar og styresmakter i mottakarlandet for investeringa dersom ho sjølv kjem frå eit land med liknande institusjonell organisering av korruption (Rodriguez et al. 2005). Vietnam er i det nedre sjiktet i Transparency International sin persepsjonsbaserte korruptionsindeks. Det er derfor nærliggande å setja fram hypotesen om at utanlandske verksemder som investerer i Vietnam som kjem frå lågkorruptionsland er meir utsette for dei skadelege effektane frå korruption enn det som er høvet for land som i likskap med Vietnam har ein høg førekommst av korruption.

**Hypotese 3:** Utanlandske verksemder som investerer i Vietnam som kjem frå lågkorruptionsland er meir utsette for dei skadelege effektane frå korruption enn det som er høvet for land som i likskap med Vietnam har ein høg førekommst av korruption.

## 2 Teori

### 2.1 Er korruption årsak til eller symptom på svake institusjonar?

Susan Rose-Ackerman, ein av dei som tidleg studerte korruption innanfor økonomifaget, skriv i eit notat for Verdsbanken at «*trass kostnadane av utbreidd korruption så er dei eit symptom på sjukdomen, ikkje sjukdomen sjølv*» (sitert frå Rose-Ackerman 1996, s.4). Karakteristikkar ved land som har høge korruptionsnivå er at dei har låg BNP per kapita og låg humankapital. Samstundes er det også variasjon i korruptionsnivå mellom land med låg BNP per kapita, og studiar på tvers av land peikar på at graden av politisk og marknadsøkonomisk konkurranse forklrar delar av desse variasjonane (Svensson, 2005). Den marknadsøkonomiske og politiske konkurransen i eit land heng saman med kvaliteten på institusjonane i landet, her forstått etter North (1994) sin definisjon «spelets reglar» eller «rules of the game». Det er særleg institusjonar som sikrar eigedomsrettigheitar som er avgjerande for å sikre økonomisk vekst i eit land (Acemoglu og Johnson 2003; Knack og Keefer 1995).

Me kan dele institusjonar inn i to ulike grupper: Kontraktsinstitusjonar som regulerer og understøttar kontraktar mellom private aktørar, og eigedomsrretslege institusjonar, som beskyttar borgarar og verksemder i eit samfunn mot maktmisbruk frå myndighetene eller myndighetspersonar (Acemoglu og Johnson 2003). Forfattarane har studert tidlegare europeiske koloniar ved å nytte dødelegheit hjå europeiske busetjarar og befolkningstettleik i 1500 som instrument for eigedomsrretslege institusjonar, og juridisk opphav (Common Law eller Civil Law) som instrument for kontraktsinstitusjonar<sup>4</sup>. Dei finn ved å nytte eit datasett av tidlegare europeiske koloniar at medan kontraktinstitusjonar ikkje har nokon signifikant effekt

<sup>4</sup> Acemoglu og Johnson sin teori er at europeiske kolonisatorar sette opp gode eigedomsrettlege institusjonar der daudelegheita hjå busetjarane var låg og der det var muleg for europeiske nybyggjarar å slå seg ned. Desse nybyggjarane kravde å få dei same rettigheitene som dei hadde hatt i heimlandet. Der daudelegheita var høg sette ein istaden opp ekstraktive institusjonar, ofte basert på ein lokal maktstruktur, der målet var å hente ut mest mogleg ressursar. Sentralt for teorien er at institusjonar endrar seg sakte, og dei institusjonane som vart sett opp i koloniseringsperioden mellom 1500 og 1900 reflekterer også dei noverande institusjonane til landa (Acemoglu et al. 2001)

Skiljet mellom Civil Law (det kontinentaleuropeiske juridiske systemet) og Common Law (det britiske juridiske systemet) er at det førstnemnde er forbunde med fleire formelle prosedyrar innan privatrettsleg tvisteløysing. Acemoglu et al (2003) argumenterer for om dei tidlegare koloniane har Civil Law eller Common Law som basis for sitt juridiske system er eksogen i den grad dette var pålagt av kolonimakta.

på landa sin langsiktige vekst, så har dei eigedomretslege institusjonane ein tydeleg effekt på økonomisk vekst, investeringar og finansiell utvikling (ibid.). Dei legg til grunn at medan privatpersonar kan omgå svake kontraktsinstitusjonar ved å setje opp kollektive mekanismar for å straffe individ som bryt avtalar eller ikkje held seg til kontraktar (sjå til dømes Greif 1993), så kan ikkje private på same måte beskytta seg mot overtramp frå myndighetene eller myndighetspersonar i land der ein har svake eigedomretslege institusjonar. Max Weber definerte staten som den aktøren som har «monopol på legitim bruk av makt», og korkje verksemder eller borgarar kan setje seg opp mot denne makta som staten har. Såleis vert skaden stor når offentleg tilsette misbrukar makta si mot verksemder og borgarar.

Korrupsjon må sjåast i samanheng med kor sterke eigedomretslege institusjonar eit land har. Di svakare desse er, di større moglegheit har korrupte myndighetspersonar til å presse verksemder utan at det er stor risiko for å verta tatt. Den forventa vinsten for byråkraten ved å vera korrupt blir vegd opp mot kostnaden, representert av sjansen for å verta oppdaga, og vidare kva som er strafferamma og sjansen for å verta dømd. (Rose-Ackerman, 1975). Når dei eigedomretslege institusjonane i eit land er svake vert denne risikoen liten. Graden av risikoaversjon hjå byråkraten vil vidare avgjere korleis han evaluerer denne risikoen, og dersom korruption er utbreidd blant andre byråkratar minskar også risikoen for å verta rapportert vidare (Rose-Ackerman 1997, Andvig og Moene 1990). I tillegg må ein ta omsyn til at det finst ein moralsk kostnad til det å gjere korrupte transaksjonar, og dette vil gjere at fleire byråkratar også vil la vera å ta del i det (ibid.). Korrupsjon er såleis eit komplekst fenomen, der både eigedomretslege institusjonar i eit samfunn og eigenskaper ved den enskilde byråkrat verkar inn på om korruption finn stad og kor omfattande han er.

## 2.2 Studiet av korruption i økonomisk teori


### 2.2.1 Teoretisk rammeverk

I tilnærminga til korruption i økonomisk teori har det vore usemje rundt spørsmålet om det er skadeleg eller ikkje. Leff (1964) har argumentert for korruptionen si positive sider, og peikar på at han kan leie til effektivitet i høve der konkurransen mellom verksemndene vil leie til at dei som er viljuge til å betala den høgaste korruptionsutbetalinga for ein lisens vil ende opp med å få han. Sidan det er dei verksemndene med mest effektiv produksjon som vil vera i stand

til å betala dei høgaste korrupsjonsutbetalingane, så leier korrupsjon i følgje Leff til meir konkurranse i marknaden.

Dette er i sterk motsetnad til teorien til Shleifer og Vishny (1993). Dei modellerer den korrupte byråkraten, som i figur 1 under, som ein monopolist som avgrensar tilbodet av goder (som lisensar, sertifikat og godkjenningar). Byråkraten rår over eit gode, til dømes ein lisens, og han står han overfor ei fallande etterspørrelselskurve etter denne lisensen. I figur 1 overfører han den faktiske prisen (synt som prisen  $P$  i figur 1) for lisensen til myndighetene, og dette utgjer den konstante grensekostnaden han står overfor. Når han aukar tilbodet av lisensen tek han også omsyn til at prisen vert redusert for alle tidlegare einingar han har selt. Som ein monopolist maksimerer byråkraten sin eigen profitt (korrupsjonsbetalinga) når grenseinntekta per einings auke i utstedte lisensar er lik grensekostnaden han står overfor, som han må overføre til myndighetene.


Figur 1, byråkratisk korrupsjon utan tjuveri frå myndighetene. Figuren er henta frå Shleifer og Vishny (1993).



I dette høvet, som i figur 1 der det ikkje føregår tjuveri får myndighetene inn prisen for godet som byråkraten sel, men etterspørsla vert redusert som konsekvens av at byråkraten reduserer tilbodet av godet og såleis aukar prisen. Prisen etterspørjarane står overfor er såleis summen den offisielle prisen på godet  $P$  og korrupsjonsbetalinga til byråkraten (bribe).

I figur 2 nedanfor ser ein dømet på korleis byråkraten kan tilpassa seg dersom han klarar å halde salet av godet skjult for myndighetene.

Figur 2, byråkratisk korupsjon med tjuveri frå myndighetene. Figuren er henta frå Shleifer og Vishny (1993)



Dersom byråkraten klarar å halde transaksjonen med godet skjult for myndighetene (tjuveri), står han ikkje lenger overfor marginalkostnaden som går til myndighetene. No vil han som monopolist maksimere sin eigen profitt ved å auke forsyninga av godet heilt til grenseinntekta hans (MR) er lik 0. I dette høvet kan prisen på lisensen (som går utelukkande til byråkraten) etterspørjaren står overfor vera lågare enn det som er den reelle myndigkeitssette prisen på godet, noko som ein ser eit døme på i figur 2.

Dette er ein relativt enkel måte å modellere byråkratisk korupsjon på, men som likevel er med på å tydeleggjere korleis korupsjon kan ha ulike effektar på dei som etterspør godet. Situasjonen i figur 1 alltid vil føre til høgare kostnadar for til dømes verksemder som etterspør lisensar, og representer såleis alltid eit tap for etterspørjaren. Situasjonen i figur 2, der byråkraten stel godet, er eit døme på at det finst høve der korupsjon kan gje vinstar for verksemdene då dei kan oppnå lisensen til ein lågare pris enn det som hadde vore høvet utan korupsjon.

Dersom det ikkje føregår tjuveri frå myndighetene som i figur 1 peikar Vishny og Shleifer (1993) også på korleis fleire ulike monopolistiske byråkratar som ikkje er koordinerte og som sel det same godet, som til dømes ein lisens, kan ende opp med å presse prisen som etterspørjaren står overfor heilt ned til den myndigkeitssette prisen. Byråkratane lukkast ikkje i dette høvet å få inn korupsjonsbetingar til seg sjølve. Vishny og Shleifer (1993) peikar også på at dersom ulike byråkratar utsteder komplementære gode (der ein til dømes kan tenke

seg at dei utsteder komplementære lisensar som er naudsynte for å setje opp ein bygning), og som berre tek omsyn til eigen maksimering av inntekt, faktisk kan ende opp med å skade kvarandre si inntening ved å ikkje ta omsyn til korleis prisauke på eigen korupsjonsbetaling verkar inn negativt på samla tilbod og etterspørsel etter lisensar. Ein einskild monopolist som sel dei same komplementære goda vil i større grad vera i stand til å ta omsyn desse effektane, og kan maksimere korupsjonsinntektene ved å ta omsyn til korleis prisauke på eit komplementært gode kan verka negativt på eit anna komplementært gode (Vishny og Shleifer 1993). Dersom ein nyttar dømet med godkjenningar for å setje opp ein bygning, vil manglande koordinering frå godkjenningsinstansar føre til at prisen for å setje han opp vert for høg, og at prosjekter såleis aldri vert realisert. Klarar ein å få ein einskapleg organisering av korupsjonen, så vil ein vera klar over at for høge einskilde korupsjonsbetalingar vil kunne føre til at prosjektet ikkje vert realisert grunna for høge kostnadar, og dersom ein set opp den samla prisen på ei godkjenning vil ein samstundes redusere ein annan for å unngå at prosjektet vert skrinlagt.

Murphy et al. (1993) syner korleis ein teoretisk kan forstå korleis eigedomsrettigheter påverkar graden av korupsjon i eit gjeve samfunn. Dei legg til grunn ein økonomi der ein kan produsere i ein formell og ein uformell sektor, eller ein kan spesialisere seg på å skaffe til veie korupsjonsbetalingar. Dei som spesialiserer seg innan korupsjon kan berre ta ut pengar frå den formelle sektoren. Forfattarane syner korleis ei auke i talet på dei som er spesialiserte innan korupsjon kan leie økonomien frå ei likevekt der alle individua arbeider i den formelle sektoren, til ei likevekt der alle individua anten spesialiserer seg innan korupsjon eller arbeidar i den uformelle sektoren. Denne modellen kan knytast til den skadelege effekten av mangelen på tilstrekkeleg gode eigedomsrettigheter hjå Acemoglu og Johnson (2003). Verksemndene i den formelle sektoren klarar ikkje å beskytta seg mot dei som spesialiserar seg på korupsjon når dei eigedomrettslege institusjonane er svake. Resultatet kan vera at korupsjonen bidreg til at den økonomiske utviklinga i landet tek stor skade. Samstundes vil risikoene byråkratar står overfor for å verta straffa, vera lågare når dei eigedomrettslege institusjonane står svakt.

Eit av dei mest skadelege elementa ved korupsjon som Shleifer og Vishny (1993) peikar på, er at sidan det er ulovleg må praksisen alltid haldast hemmeleg. For å unngå å verta oppdaga og straffa kan den korrupte byråkraten freiste å vri marknaden slik at ein aukar forsyninga av varer som er lette å ta korupsjonsbetalingar på for unngå å verta oppdaga. I høvet med import vil det såleis kunne vere i den korrupte byråkratens interesse å sørge for at varer som det er

lett å trekke ut korupsjonsbetalingar ifrå, vert importerte i staden for varer som det er vanskeleg å trekke ut korupsjonsbetalingar frå. Til dømes vil ein byråkrat kunne hindre importen av ein maskin som er tilpassa produksjonsteknologien i landet, for i staden å importere ein dyrare maskin med meir avansert teknologi, dersom det er lettare å krevje inn ei større korupsjonsbetaling for den mest avanserte maskinen enn med den rimelegare maskinen. Denne vridande substitusjonseffekten påfører økonomien eit ytterlegare tap i tillegg til den auka prisen på vara som følgje av korupsjonsutbetalinga, og gjer at korupsjonsmoglegheitene for byråkraten får forrang før teknologiske behov.

## 2.2.2 Empiriske studie av korupsjon

Det er ei stor utfordring å studere korupsjon empirisk, mykje fordi korrupte byråkratar vil ønskje å halde uoffisielle betalingar skjulte. Ein måte å studere effekten av korupsjon på er å gjere samanlikningar av breie datasett med ulike land, der ein freistar å syne korleis korupsjon verkar inn på økonomisk vekst. Mauro (1995) undersøkjer denne effekten gjennom bruk av subjektive mål på korupsjon og institusjonell kvalitet for 68 land. Han finn at korupsjon har ein negativ effekt på investeringar og vekst, og at desse resultata er signifikante. Denne effekten er framleis til stades når ein kontrollerer for endogenitetsproblem ved å nytte etnisk fraksjonalisering som eit instrument for institusjonell effektivitet (Mauro, 1995). Det er likevel svært problematisk å finne gode instrument for institusjonell effektivitet, og etnisk fragmentering er også negativt assosiert med sosial fragmentering og konflikt, samt låge statlege forsyningars av offentlege gode som infrastruktur og utdanning (Easterly & Levine, 1997).

Sjølv om persepsjonsbaserte indeksar er nyttige for å få eit bilete av kor utbreidd og gjennomgripande korupsjon er i eit samfunn, er det likevel viktig å vera varsam med å tolke slike data. Benjamin Olken (2009) syntet dette i ei empirisk studie der han fekk ei gruppe ekspertar til å vurdere objektivt kva som var den reelle kostnaden ved å bygge vegar på landsbygda i Indonesia ved å fysisk ta prøvar og måle kvaliteten på vegen. Han fekk såleis eit uavhengig estimat på kor mykje pengar som forsvann grunna korupsjon ved å måle skilnaden mellom kva kvaliteten på vegen skulle vera etter forskriftene og korleis den faktisk var utført, og verdien av differensen målte han som den reelle korupsjonen i prosjektet. Sidan spurde han også landsbybeburane om å anslå kor mykje pengar dei trudde hadde gått til korupsjon. Han finn at landsbybeburarar klarar å avdekke om det faktisk har skjedd korupsjon i

prosjektet, men samstundes finn han at landsbybebuarane har større problem med å estimere storleikar, og ei 10% auke i pengar som er fordufta frå vegprosjektet aukar berre sannsynet for at ein landsbybebuar melder om at korruption har funne stad med 0.8% (B. Olken, 2009).

Ein meir direkte måte å måle korruption på er ved å måle kor mykje som vert stelt av eit gode ved å sjå på differansen før og etter at korruptionen har funne stad. Reinikka og Svensson (2004) nyttar ein spørjeundersøkingsmetode kalla PETS (Public Expenditure Tracking Survey) der diskrepansen mellom bevillingar frå sentralmyndighetene i Uganda til utdanning, og kor mykje av desse som faktisk vart motteke av skulane, vart kartlagd. Denne diskrepansen vert då eit mål på korruption. Dei finn at nesten heile 80% av bevillingane forsvinn før dei kjem til skulane. Etter at resultata frå spørjeundersøkinga vart publisert og ugandiske myndigheter byrja ein aviskampanje mot korruption, fann ein ny undersøking ut at andelen av bevillingane til skulane som forsvann gjekk ned til under 20% (Reinikka og Svensson 2005). Dette er ein klar indikasjon på at gjennomsiktigkeit er eit viktig element for å stoppa korruption.

Det er også muleg å måle korruptionen direkte gjennom observasjon. Eit døme på dette er Olken og Barron (2007) som nytta forskingsassistentar forkledde som lastebilsjåførmedhjelparar til å vera med på trailerturar i Aceh-provinsen i Indonesia til å notere kor mykje lastebilsjåførar betalte politimenn og offentlege myndigheitspersonar i korruptionsbetalinga. Dei finn at gjennomsnittleg 13% av kostnadane for kvar tur var forbunde med korruptionsbetalingar. Det er også muleg å målet korruption å spørje korruptionsbetalarane direkte ved å nytte spørjeundersøkingar, som i denne oppgåva. Det er problem knyta til å det å nytte slike data då ein risikerer at respondentar kan feilrapportere eller velje å ikkje svare (Svensson, 2005). Samstundes vil det at korruptionen er omfattande i samfunnet også leie til at stigma knyta til det å rapportere vert redusert, noko som kan bidra til at denne metoden gjev gyldige resultat (Olken og Pande 2011). I datamaterialet for utanlandske verksemder som opererer i Vietnam i nytta denne oppgåva rapporterte over 80% av selskapa at dei betalar ein positiv prosentdel av inntekta si i uformelle betalingar til myndigheitspersonar. Dette og andre spørjeundersøkingar gjort i Vietnam syner at korruption er svært vanleg i Vietnam, noko som burde bidra til mindre feilrapportering ved at stigmaet forbunde med korruption vert lågare.

### **2.2.3 Skilnad i effekten av korruption og skatt på verksemder**

Korruption vert ofte samanlikna med skattar eller som avgifter, sjølv om ein klår skilnad er at korruptionsbetalinga havnar i lomma på den korrupte byråkraten i staden for i statskassa. Samstundes er også transaksjonskostnadane høgare med korruption enn med skatt, grunna vilkårlegheit og løyndomshald. Vilkårlegheita vert tydeleg synt ved at ein ikkje kan saksøkje ein byråkrat som ikkje innfrir eller leverer tenestene han tek seg betalt for då korruptionen sin ulovlege natur gjer det umogleg å trekkje han for retten. Fisman og Svensson (2007) samanliknar effekten av skatt og korruption på vekst hjå ugandiske selskap. Dei nyttar ein empirisk strategi der lokale og sektorspesifikke snitt av korruptionsbetalingar vert nytta som eit instrument for korruptionsbetalingar i den einskilde verksemda. Dei finn at korruption i mykje større grad enn skattlegging dempar veksten (målt som vekst i sal) i dei ugandiske verksemndene. Wei (2000) ser på samanhengen mellom korruption- og skattenivå og utanlandske direkteinvesteringar ved å sjå på investeringstal frå 12 opphavslend til 45 mottakarland. Han nyttar tre ulike persepsjonsbaserte mål på korruption. Han finn at både ei auke i korruptionsnivå og ei auke i skattenivå har ein negativ effekt på storleiken på utanlandske investeringar, og dette funnet er også signifikant dersom ein kontrollerer for lønsnivå (Wei, 2000). Både empiriske og teoretiske studie peikar altså på at medan ein kan tenke på korruptionsbetalingar som ei avgift, så fører dei til høgare kostnadar for verksemndene sidan dei er meir vilkårlege og enn det skattar er.

### **2.2.4 Direkte utanlandske investeringar og korruption**

Når utanlandske verksemder vurderer å gå inn i eit land er korruptionsnivå berre ein av faktorane som dei må ta omsyn til, i tillegg til andre faktorar som lønsnivå, humankapital, infrastruktur og ressursar. Likevel tyder fleire studie på at utanlandske direkteinvesteringar er negativt assosiert med høge korruptionsnivå, og Habib og Zurawicki (2002) finn til dømes at høg skilnad i persepsjonsbaserte korruptionsmål mellom landet det vert investert i og opphavslendet til verksemda, er assosiert med lågare utanlandske direkteinvesteringar. Forfattarane legg fram hypotesen om at funnet kan skuldast at verksemndene finn korruptionen vanskeleg å handsama, risikabel og kostbar. Wei og Shleifer (2000) finn den same negative effekten av høge nivå på dei persepsjonsbaserte indeksane og storleiken på utanlandske investeringar.

I samsvar med Shleifer og Vishny (1993) indikerer dei fleste studiar at korruption har ein negativ effekt på verksemndene. Kaufman og Wei (1999) finn at korruption er assosiert med høgare grad av byråkratisk trakassering, og deira funn går imot hypotesen om at korruptionsbetalingar utgjer «smørjing» som lettar byråkratiske prosessar. Dette er eit funn som samsvarar med Hypotese 1 i denne oppgåva om at den negative «trakassingseffekten» frå korruption er sterkare enn den positive effekten av at ein kan omgå kostbare reguleringar og lovar ved å betale korruptionsbetalingar når ein studerer eit stort tal verksemder i staden for enkeltverksemder.

Rodriguez et al. (2005) peikar på at ein også må sjå på sjølve fenomenet korruption (misbruk av ei offentleg stilling til privat forteneste) i sin institusjonelle kontekst. Dei framhevar to nøkkelaspekt ved korruption: Kor *gjennomgripande* eller utbreidd korruptionen er i eit samfunn, tyder sannsynet for at ei verksemde vil verte utsett for korrupt framferd i eit gjeve samfunn. Til dømes vil det i nokre land vera vanskeleg å etablera seg utan å bli utsett for krav eller førespurnadar om korruptionsbetalingar. I eit slik land vil korruptionen bli vurdert som å vera gjennomgripande i stor grad. Det andre sentrale aspektet er vilkårlegheit, og dette omgrepet gjeld graden av usikkerheit og uklårheit knyta til den korrupte transaksjonen. Med vilkårlegheit meiner ein høve der byråkraten eller myndighetspersonen går tilbake på lovnadar og krev høgare betaling, endrar praksis eller der ulike byråkratar krev inn korruptionsbetalingar for komplementære gode, som i Vishny og Shleifer (1993), utan å ta omsyn til kvarandre. Lee og Oh (2007) nyttar dette rammeverket til å studere ulikheiter i dei institusjonelle sidene av korruption i Asia og korleis dette påverkar utanlandske verksemder. Dei meiner korruptionen i Vietnam er gjennomgripande i stor grad, men at det er mindre grad av vilkårlegheit i landet, slik at verksemder kan forvente å få den tenesta dei betalar for. Lee og Oh framfører at det å stå overfor liten grad av vilkårlegheit gjer at dei utanlandske verksemndene står mindre ufordelaktig til i høve til lokale verksemder, noko som tillét større innstrøyming av utanlandske direkteinvesteringar. I det følgjande vil dette verte undersøkt med bakgrunn i datamateriale for utanlandske verksemder i Vietnam for å freista å lære meir korleis korruptionsbetalingane påverkar dei.

# 3 Empirisk strategi

## 3.1 Økonometrisk strategi

Det er fleire problem som dukkar opp når ein ønskjer å måle den skadelege effekten av korruption empirisk. For det første er moglegheita for å gjere feilestimering av effekten av korruptionsnivå på profitten til verksemda til stades. Eit problem er at kvart firma kan verta pålagt av byråkratar å betale forskjellige summar korruptionspengar avhengig av selskapet si evne eller moglegheit til å betale (Bliss og Di Tella 1997). Såleis vil ein profitmaksimerande korrupt byråkrat ønskje å krevje ein høgare sum ifrå eit firma som har sterkt vekst i sin profit jamfört med eit anna firma i same industrisektor og område med ein negativ utvikling i si inntening, då for høge korruptionsskrav til sistnemnde kan få verksemda til å gå konkurs og gje byråkraten null inntening. Høgare vekst i ei verksemrd gjer såleis at ein forventar at verksemda vil få krav om høgare korruptionsbetaling.

Eit anna problem er at nokre verksemder kan spesialisere seg på å nytte korruptionsutbetalingar til byråkratar for å oppnå verdifulle lisensar eller konkurransevridande tilgang til visse marknadar, i staden for å fokusere på effektivisering i produksjonen og innovasjon (Murphy et al. 1991). Både tilgang til fordelar gjennom korruptionsutbetalingar til byråkratar og auka produktivitet kan leie til auka profit, og vil kunne skape problem med å identifisere den skadelege effekten korruption har på vekst i verksemndene. For å freiste å avgrense den skeivheita desse dynamikkane kan forårsake i dei empiriske resultata, vil eg freiste å omgå dette ved å nytte identifiseringsstrategien utvikla av Fisman og Svensson (2007) der ein nytta sektor- og områdespesifisering for å oppnå eit korruptionsmål som berre avheng av underliggende karakteristikkar i industrisektorar og område.

Også i datasettet for Vietnam vil eg freiste å nytte denne identifiseringsstrategien. Ein kan setje opp tilhøvet mellom vekst i verksemda med vekst i profit ( $v_{ij}$ ) og korruption ( $b_{ij}$ ) slik:

$$V_{ij} = \eta(b_{ij}(\theta_{ij}), p_{ij}, \theta_{ij}) \quad (1)$$

Der  $\theta_{ij}$  viser til verksemnd  $i$  i sektor  $j$ ,  $\theta_{ij}$  er ein verksemndspesifikk variabel som me ikkje kan observere utifrå datasettet, men som verkar inn både på vekst i verksemda og storleiken på korupsjonsutbetalingane. Dette kan til dømes vera dersom verksemda har særleg gode forbindigar til den lokale administrasjonen, som gjennom korupsjonsutbetalingar gjev dei større privilegium enn dei andre verksemndene.  $P_{ij}$  fangar opp vekstpotensialet i verksemda.  $V_{ij}$  viser til utviklinga i profitten til verksemda.

Me kan igjen dele opp vekstpotensialet til verksemda opp i to delar,

$$P_{ij} = \delta X_{ij} + \mu_{ij} \quad (2)$$

der  $X_{ij}$  er ein vektor med observerbare karakteristikkar medan  $\mu_{ij}$  er uforklart variasjon.

Når me lineariserer modellen kan me setje opp,

$$V_{ij} = \beta_0 + \beta_1 b_{ij} + \delta X_{ij} + \beta_2 \theta_{ij} + \mu_{ij} \quad (3)$$

Der me legg til grunn at den uteletne variabelen  $\theta_{ij}$  er korrelert både med vekst i verksemda ( $\text{korr}(V_{ij}, \theta_{ij}) \neq 0$ ) og med korupsjonsutbetalingar ( $\text{korr}(b_{ij}, \theta_{ij}) \neq 0$ ). Dersom ein då går utifrå at  $\theta_{ij}$  er ukorrelert med  $b_{ij}$  så vil ein få ein skeivheit i resultatet som følgje av ein manglande variabel i spesifiseringa.

For å motverke dette problemet kan ein dele opp korupsjonsutbetalingane til verksemndene  $b_{ij}$  i ein industri- og provinsspesifikk del og ein idiosynkratisk verksemndspesifikk del:

$$b_{ij} = B_{ij} + B_j \quad (4)$$

Der  $B_j$  er gjennomsnittet av korupsjonsutbetalingar for ein industriell sektor  $j$  innanfor ein av dei tolv provinsane i datasettet noko som igjen er ein funksjon av dei underliggende karakteristikkane som avgjer kor mykje byråkratar innanfor kvar region kan krevje inn i korupsjonsutbetalingar.  $B_{ij}$  er den idiosynkratiske delen av korupsjonsutbetalinga knytt til kvar einskilde verksemnd. Den grunnleggjande føresetnaden er at  $\text{korr}(B_j, \theta_{ij}) = 0$ , det vil seie at ein legg til grunn at det ikkje noko korrelasjon mellom dei sektorspesifikke gjennomsnitta av korupsjonsutbetalingane på provinsnivå og den ikkje-observerbare verksemnd-spesifikke faktoren  $\theta_{ij}$ . Dette betyr at ein legg til grunn at gjennomsnitta av korupsjonsutbetalingar innanfor kvar sektor på provinsnivå blir bestemt av talenta og pressmidla til byråkratane, og at

dette er uavhengig av verksemndene og altså eksogen i høve til at det kan vera skilnadar mellom verksemndene i til dømes kor tett tilhøve dei har til lokale byråkratar som påverkar både profitvekst i verksemda og korupsjonsbetalingar. Ein freistar såleis å omgå det potensielle endogenitetsproblemet der veksten til verksemda påverkar hennar evne til å betale korupsjonsbetalingar ved å legge til grunn at gjennomsnittet av korupsjonsbetalingar innanfor kvar sektor på provinsnivå er ukorrelert med verksemdespesifikke karakteristikkar (Svensson, 2003).

Føresetnadane om at  $\text{corr}(B_j, \theta)=0$  fortener å verta diskuterte. Ein kan til dømes sjå føre seg at vietnamesiske myndigheter på provinsnivå anten systematisk favoriserer eller defavoriserer sektorar på provinsnivå, og at innkravde korupsjonsutbetalingar på sektornivå såleis er systematisk korrelerte med den ikkje-observerbare faktoren  $\theta_{ij}$ . Sjølv om ein ikkje kan avvise ein slik moglegheit, er det lite som tyder på at dette er høvet, og eg har ikkje luktast å finne teikn på eit slik tilhøve.

Eit anna problem ein står overfor er målefeil knyta til korupsjonsbetalingar, noko som gjer seg særleg gjeldande for eit sensitivt område som korupsjon. Trass i at sensitive spørsmål i spørjeundersøkinga til PCI Vietnam er formulerte på ein indirekte måte for å oppnå så sannferdige svar som mogleg, vil det vera ein klar risiko for at ein får feilrapportering. Ved å ta industrispesifikke snitt av korupsjonsbetalingar på provinsnivå er vona at ein skal klare å kvitte seg med desse potensielle feilmålingane dersom ein legg til grunn at desse feilmålingane er idiosynkratiske til kvar enkelt verksemnd og ikkje til det sektorspesifikke gjennomsnittet på provinsnivå (Fisman og Svensson 2007).

Den empiriske modellen ser slik ut:

$$V_i = \beta_0 + \beta_1 b_i^{\text{INS}} + X_i' \delta + \mu_i \quad (5)^5$$

Der  $b_i^{\text{INS}}$  er predikerte verdiar frå det første steget i 2SLS-modellen der ein nyttar industrispesifikke snitt av korupsjonsbetalingar på provinsnivå som instrument for verksemndenes korupsjonsbetalingar  $b_{ij}$  og der  $X_{ij}$  er ein vektor med observerbare karakteristikkar.

---

<sup>5</sup> Når ein gjennomfører tostegs SLS-modellen i to etappar vil det ikkje gje korrekte standardfeil. Dette problemet kan ein overkome ved å oppnå 2SLS-estimatoren i eit steg, noko analyseprogramvara STATA tillét.

## 3.2 Instrumentvariabelframgongen

For at eit instrument skal vera gyldig må to forutsetnadar vera oppfylde.

1. Instrumentet må vera relevant, noko som vil seia at  $B_j$  må vera tilstrekkeleg korrelert med  $b_{ij}$  og ein må ha  $\text{korr}(B_j, b_{ij}) \neq 0$ .
2. Samstundes må instrumentet vera eksogent, noko som vil seie at ein må ha at  $\text{korr}(B_j, \mu) = 0$  og at  $B_j$  ikkje har noko direkte effekt gjennom andre kanalar enn  $b_{ij}$  på verksemdvæksten (vekst i profitt)  $V_i$ .

2SLS-modellen består av to steg der ein først regresserer instrumentet Z på variabelen X (som er korrelert med feilreddet i regresjonen). Deretter nyttar ein dei predikerte X-verdiane frå det første steget som ein uavhengig forklaringsvariabel på den avhengige variabelen Y i ein identisk modell som det første steget men utan Z-variabelen.

F-observatoren for det første steget bør overstige 10 for å omgå problemet med svake instrument.

## 3.3 Geografisk og sektorspesifikk inndeling

### 3.3.1 Geografisk inndeling på provinsnivå

Datasetsettet avgrensar moglegheita til å studere områdespesifikke korrupsjonsbetalingar på ein meir avgrensa geografisk eining enn på provinsnivå. Men valet om å nytte provinsane som relevante einingar i identifiseringsstrategien vert underbygd av at mesteparten av samhandlinga mellom verksemder som operer i Vietnam og myndighetene føregår på provinsnivå (Bay et al. 2013). Særleg på 90-talet vart mykje av samhandlinga mellom verksemder og myndigheter desentralisert frå nasjonalt nivå til provinsnivå gjennom ei rekke lover. Administrative oppgåver som registrering av verksemda, miljø- og sikkerheitsinspeksjonar og landallokering føregår på provinsnivå. I tillegg er sentraladministrasjonen og departementa i Hanoi ofte langt vekke geografisk, noko som gjer at det ofte er myndighetene på provinsnivå som står for mykje av den daglege handsaminga av verksemndene, og som er den mest relevante aktøren når det gjeld korrupsjonsbetalingar (ibid.).

### **3.3.2 Sektorspesifikk inndeling**

På provinsnivå vert verksemndene delte inn i til saman seks ulike sektorar. Desse er industri/produksjon, bygg- og infrastruktursektoren, service og handel, landbruk/skogbruk og akvakultur, gruvedrift og til slutt finans/bank og forsikring. Som ein ytterlegare test på identifikasjonsstrategien nyttar eg også sektorspesifikke gjennomsnitt på korruption på provinsnivå for 18 definerte ISIC<sup>6</sup> Rev.4-definerte sektorar.

---

<sup>6</sup> ISIC (International Standard Industrial Classifications) er ei klassifisering av industrielle sektorar utarbeida av FN for å underbygge internasjonal samanlikningsbar statistikk. ISIC har vorte revidert fleire gonger, den siste, Rev. 4, i 2008 (kjelde FN). Effekt av korruptionsbetingar på verksemdvækst (profittvekst mellom 2012 og 2013) der ein nyttar ISIC rev.4 kategoriar vert gjort i tabell 12b i vedlegg 2 s. 62.

# **4 Bakgrunn og skildring av datasett**

## **4.1 Bakgrunn for Vietnam**

På den sjette nasjonalkongressen i 1986 tok det vietnamesiske kommunistpartiet avgjersla om å gå vekk ifrå den økonomiske modellen med sentralplanlegging for gå mot ein «marknadsorientert sosialistisk økonomi underlagt statleg oppsyn» kjend som Doi Moi (Beresford, 2008). Denne reforma gjekk ut på å omforma den vietnamesiske økonomien frå ein kommandoøkonomi til ein sosialistisk orientert marknadsøkonomi der ein også opna for private verksemder. Sidan den tid har landet hatt ein årleg økonomisk vekst på over 5% i gjennomsnitt og har vore ein av dei raskast veksande landa i verda i perioden. Vietnam vart i 2007 med i WTO (Bay et al. 2013). Den private sektoren har vorte ein viktig motor i den økonomiske veksten i Vietnam, og frå å nesten ikkje stå for noko av den industrielle produksjonen i landet før 1989, sto han for nesten 73% av den industrielle produksjonen i 2004 (Nguyen og van Dijk 2012).

Vietnam byrja å tiltrekkje seg utanlandske direkteinvesteringar i 1988. Desse investeringane auka sidan svært raskt. Ein gjekk frå eit nivå på utanlandske direkteinvesteringar på 0.32 milliardar USD i 1988 til rundt 4 milliardar USD i 2005, og desse investeringane speler ei stadig viktigare rolle i å stimulere til vekst i eksport (Anwar & Nguyen, 2010). Likevel er dei utanlandske direkteinvesteringane konsentrerte i nokre få regionar i Vietnam, og dei utanlandske verksemndene er særleg konsentrerte i det folkerike Raude Elvs Deltaet i Nord-Vietnam (der ein finn hovudstaden Hanoi), og dei sør-austlege delane av landet.

## **4.2 Skildring av datasettet**

### **4.2.1 PCI-datasettet**

I denne oppgåva vert datasettet Provincial Competitiveness Index (PCI) nytta. Dette datasettet er basert på årlege spørjeundersøkingar gjort hjå vietnamesiske og utanlandske verksemder som opererer i Vietnam. Spørjeundersøkinga har vore gjennomført kvart år sidan 2005 på tvers av alle dei 63 provinsane i landet og har som mål å kartleggje korleis det er å gjere forretningar i Vietnam samt å samanlikne administrative reformforsøk hjå dei forskjellige

provinsstyresmaktene. Sidan 2010 har det også vorte gjennomført ei spørjeundersøking for utanlandske verksemder som opererer i Vietnam, som er den som er nytta i denne oppgåva. Denne undersøkinga dekkjer berre 12 provinsar og desse befinn seg i stor grad der dei utanlandske verksemndene er særleg konsentrerte i det folkerike Raude Elvs Deltaet i Nord-Vietnam, og dei sør-austlege delane av landet (særleg i og rundt provinsen Ho Chi Minh-byen).

#### **4.2.2 Representativitet og innsamlingsmetode for datasettet**

Responsraten for dei utanlandske verksemndene som mottok spørjeskjemaene ligg på 25%. Dette gjer at ein kan stille spørsmål om det føreligg ein seleksjonsskeivheit i datamaterialet. Guergiev og Malesky (2012) finn at det innsamla datamaterialet frå PCI samsvarar med tilgjengeleg informasjon frå Vietnams offisielle statistikkbyrå på verksemdeundersøkingar og skattemyndighetsdatabasar, og dette underbygger at datamaterialet er representativt for utanlandske verksemder i Vietnam.

Eit anna problem ein står overfor er at respondentane moglegvis ikkje oppgjev korrekte opplysningar på sensitive spørsmål fordi dei kan vera redde for at dette kan få konsekvensar for dei sjølve. For å motverke dette vert spørsmåla i spørjeundersøkinga formulerte på ein slik måte at respondentane svarer så korrekt som muleg. Til dømes vert spørsmålet om kor mykje verksemda betalar i uoffisielle korrupsjonsbetalingar formulert på ein så nøytral måte som mogleg (eiga omsetjing):

#### **Kor mange prosent av inntekta betalar verksemder i din bransje årleg i gjennomsnitt i uoffisielle betalingar til offentleg tilsette?**

- a. 0%
- b. Mindre enn 1%
- c. Frå 1% til mindre enn 2%
- d. Frå 2% til mindre enn 5%
- e. Frå 5% til mindre enn 10%
- f. Frå 10% til mindre enn 20%
- g. Frå 20% til mindre enn 30%
- h. Over 30%

Svakheita med denne framgangsmåten er at ein får mindre presise svar enn høvet der ein direkte ber verksemndene om å oppgjeve eksakt kor mange prosent av inntekta deira som går

til uoffisielle betalingar, men dette må samstundes vegast opp mot auka risiko for at respondentane oppgjer misvisande informasjon.

### 4.2.3 Skildring av variablane

Oppgåva vil verta avgrensa til å sjå på talmateriale for utanlandske selskap som opererer i Vietnam i perioden 2012-2013. Eg kjem til å kjem til å nytte ein avhengig variabel som er eit mål på verksemndene sine resultat over to forskjellig punkter i tid, ein for 2013 og ein for 2012 som mål på verksemdevkst. Verksemndene oppgjev her i prosent kor høg profitten/tapet var for dei to åra.

$$\text{Profittvekst} = [\text{prosent profitt 2013} - \text{prosent profitt 2012}]$$

Tabell 1: Verksemndene sin profitt 2012

Verksemndene sin profitt i 2012	Talet på verksemder	Prosentdel
Inntektstap på 10% eller meir	69	5.38
10%-5% inntektstap	100	7.79
5-0% tap	171	13.33
Balanse	106	8.26
0-5% profittmargin	438	34.14
5-10% profittmargin	265	20.65
10-20% profittmargin	93	7.25
Meir enn 20% profittmargin	41	3.20
Total	1,283	100.00

Tabell 2: Verksemndene sin profitt 2013

Verksemndene sin profitt i 2013	Talet på verksemder	Prosentdel
Inntektstap på 10% eller meir	68	5.06
10%-5% inntektstap	76	5.65
5-0% tap	176	13.10
Balanse	163	12.13
0-5% profittmargin	455	33.85
5-10% profittmargin	262	19.49
10-20% profittmargin	105	7.81
Meir enn 20% profittmargin	39	2.90
Total	1,344	100.00

Sidan desse prosentane er gjevne i intervallar, og for at storleikane på effektane skal synast i analysen omformar eg dette til ein variabel der kvart svar vert sett til medianen i intervallet. Såleis vert 0-5% profitt sett til 2,5% og 5-10% vert sett til 7,5%. Ekstremitetane >10% tap og

>20 profitt set eg høvesvis til -15% og til 25%. Det ville vore ønskeleg med observasjonar av denne variabelen over eit større tidsintervall enn berre for åra 2012 og 2013, men avgrensingar i datasettet tillét ikkje dette.

Ein nøkkelvariabel for oppgåva er konstruert utifrå spørsmålet i PCI-spørjeskjemaet som ber dei utanlandske verksemndene om å oppgje kor mykje av den totale inntekta deira som går med til uoffisielle betalingar, noko som vert oppgjeve i intervall. For 2013 kan ein setje opp følgjande tabell for korrupsjonsutbetalingane til dei ulike verksemndene.

Tabell 3: Korrupsjonsbetalingar til offentleg tilsette som del av årleg inntekt

Spørsmål: Kor mange prosent av inntekta betalar verksemder i din bransje årleg i gjennomsnitt i uoffisielle betalingar til offentleg tilsette?		
Prosent av inntekta i uoffisielle betalingar	Talet på verksemder	Prosentandel
0%	250	19.46
Mindre enn 1%	624	48.56
1-2%	237	18.44
2-5%	111	8.64
5-10%	41	3.19
10-20%	16	1.25
20-30%	3	0.23
Over 30%	3	0.23
Sum	1,285	100.00

Sidan ein ikkje har det den nøyaktige korrupsjonsutbetalingsprosenten, men berre har tal fordelt etter intervall, så vert det også her laga ein variabel der kvart svar vert sett til medianen i intervallet, og verksemndene som oppgjer at dei betalar <1% vert oppgjeve som 0,5% og dei som oppgjer 2-5% vert sett til 3,5%. Dei som oppgjev at dei betalar >30% vert oppgjevne som 35%<sup>7</sup>.

Totalt i spørjeundersøkinga for 2013 er det samla inn data frå utanlandske verksemder frå tolv forskjellige provinsar.

---

<sup>7</sup> Når ein samanliknar tabell 12 (der ein i har sett korrupsjonsbetaling og profitt til medianen innanfor kvart intervall) i analysekapittelet med tabell 24 i vedlegg 1 der ein har nytta dei opprinneleg 8 intervalla for begge variablane, så ser ein at koeffisientane går i same retning.

Tabell 4: oversikt over dei vietnamesiske provinsane som inngår i datasettet

<b>Provins</b>	<b>Talet på verksemder</b>
Bà Rịa– Vũng Tàu	45
Bac Ninh	48
Binh Duong	226
Da Nang	53
Dong Nai	192
Ho Chi Minh-byen	385
Hanoi	338
Hai Duong	42
Hai Phong	80
Hung Yen	52
Long An	53
Tay Ninh	49
Vinh Phuc	46
Total	1,609

Som det går fram av tabellen er dei fire provinsane Binh Duong, Dong Nai, Ho Chi Minh-byen og Hanoi overrepresenterte i høve til dei andre provinsane i datasettet. Desse regionane skil seg alle ut ved å ha høgare folketettleik og er meir industrialiserte enn Vietnam sett under eitt, noko ein kan forvente seg all den tid utanlandske verksemder i større grad vel å etablere seg i og industrialiserte område med stor folkesentra. Det er derfor viktig å understreke at oppgåva ikkje set seg som mål å studere Vietnam som heilskap, men tek særskild for seg provinsar som er meir eksportretta og økonomisk utvikla og som derfor tiltrekker seg stor grad av utanlandske verksemder.

Kart 1: oversikt over provinsane i Vietnam



Selskapa, som er ei del av datasettet, kjem frå 44 ulike land. Dei fleste av dei har basar i asiatiske land som Taiwan, Japan og Korea, som ligg forholdsvis nære Vietnam.

Tabell 5: Oversikt over opphavslandslanda til dei utanlandske verksemndene som opererer i Vietnam

Namn på land	Talet på verksemder
Argentina	1
Australia	21
Austerrike	2
Belgia	5
Dei britiske jomfrøyar	2
Brunei Darussalam	1
Kambodsja	1
Canada	9
Cayman Islands	1
Kina	72
Kypros	1
Tsjekkia	1
Danmark	11
Dominica	1
Frankrike	35
Tyskland	17
Hong Kong	56
India	3
Indonesia	3
Irland	4
Israel	4
Italia	3
Japan	313
Nord-Korea	1
Sør-Korea	295
Kuwait	1
Luxembourg	1
Malaysia	40
Monaco	1
Nederland	12
New Zealand	1
Noreg	7
Filippinane	7
Romania	2
Russland	4
Samoa	1
Seychellene	1
Singapore	86
Spania	2
Sverige	3
Sveits	10
Taiwan	348
Thailand	35
Tyrkia	1
Ukraina	1
Storbritannia	18
USA	64
Vanuatu	1
Sum	1,510

#### 4.2.4 Kontrollvariabler

Sidan storleiken på verksemda kan være korrelert med korupsjonsbetalingar (ettersom større verksemder kan være meir synlege for byråkratar) vert variabelen verksemdstorleik inkludert i

spesifiseringa. Dette er ein indikatorvariabel som har verdi 0 for verksemder med færre enn 500 tilsette og 1 dersom verksemda har meir enn 500 tilsette. Vidare vert variabelen Log alder inkludert, som er logaritmen av kor mange år sidan det er verksemda fekk lisens til å investere i Vietnam. Ein har funne at kor mange år det er sidan verksemda vart etablert er korrelert med verksemda si vekst og kan også vera korrelert med korrupsjon dersom talet på år verksemda har vore i Vietnam også er korrelert med kor gode forbindigar verksemda har til byråkratiet eller kor enkelt det er å få finansiering. Sidan handel og vekst hjå verksemda i fleire studie syner seg å vera korrelerte er det også inkludert ein kontroll, Eksport tredjeland, som er ein indikator-variabel som syner om verksemda eksporterer til tredjeland. Også ein variabel som syner om verksemda opphavleg var ei vietnamesisk verksemnd som er vorten kjøpt opp er inkludert som Vietnamesisk oppkjøp. Sidan tidlegare studie har synt at det å ha eigedomssrett på grunnen som verksemda står på har ei innverknad på kor stor grad verksemda er utsett for korrupsjon, så er variabelen Eigedomsertifikat teke med (Bai et al. 2013). Denne indikatorvariabelen er 0 dersom verksemda leiger grunnen ho nyttar og 1 dersom ho har eit eigedomssertifikat (LURC, eller Land Use Right Certificate) eller partnerverksemda har eigedomssretten. Denne variabelen er viktig å ha med all den tid verksemder som ikkje har eigedomssrett for grunnen verksemda står på er meir utsett for korrupsjonspress frå vietnamesiske byråkratar.

Tabell 6: Oppsummerande statistikk for variablene i analysen

Variabel	Observasjonar	Median	Standardavvik
Verksemdvrekst	1220	0,254	4,170
Korrupsjonsbetaling	1285	1,388	0,654
Verksemdstorleik	1580	0,149	0,356
Verksemdalder	1536	2,011	0,650
Eksport tredjeland	1609	0,396	0,489
Vietnamesisk oppkjøp	1293	0,079	0,270
Eigedomssertifikat	1538	0,302	0,459

Tabell 7: Korrelasjonstabell for variablene i analysen

Variabel	Verksemdviekst	Korrupsjonsbetaling	Verksemdstorlek	Verksemealder	Eksport tredjeland	Vietnamesisk oppkjøp	Eigedomssertifikat
Verksemdviekst	1						
Korrupsjonsbetaling	-0.0660	1					
Verksemdstorlek	-0.0534	0.0273	1				
Log Verksemdalder	-0.1226	0.0370	0.2535	1			
Eksport tredjeland	0.0763	0.0255	0.3016	0.2291	1		
Vietnamesisk oppkjøp	-0.0616	-0.0058	-0.0091	0.0747	0.0059	1	
Eigedomssertifikat	-0.0377	-0.0759	0.1196	0.2208	0.1395	-0.0035	1

#### 4.2.5 Karakteristikkar for asiatiske og ikkje-asiatiske verksemder

Dersom Hypotese 2 om at vietnamesiske byråkratar nyttar meir press og byråkratisk uthaling mot asiatiske verksemder er korrekt, er det avgjerande å utelukke om grunnen til skilnaden på kor stor skade-effekt korruptionen har på profittutviklinga kjem av at verksemndene har ulike karakteristikkar.

Tabell 8 Korupsjonsbetalingar til offentleg tilsette som del av årleg inntekt for asiatiske og ikkje-asiatiske verksemder

<b>Asiatiske verksemder</b>		
<b>Prosent av inntekta i uoffisielle betalingar</b>	<b>Talet på verksemder</b>	<b>Prosent</b>
0%	198	19,17
Mindre enn 1%	508	49,18
1-2%	189	18,3
2-5%	88	8,52
5-10%	32	3,1
10-20%	14	1,36
20-30%	1	0,1
Over 30%	3	0,29
Sum	1.033	100
<b>Ikkje-asiatiske verksemder</b>		
<b>Prosent av inntekta i uoffisielle betalingar</b>	<b>Talet på verksemder</b>	<b>Prosent</b>
0%	46	22,44
Mindre enn 1%	93	45,37
1-2%	37	18,05
2-5%	20	9,76
5-10%	6	2,93
10-20%	1	0,49
20-30%	2	0,98
Sum	205	100

Den øvste tabellen syner korleis korupsjonsbetalingane fordeler seg for dei asiatiske verksemdene medan den nedste syner tilsvarande for verksemder med opphav i eit ikkje-asiatisk land. Betalingane fordeler seg mykje likt mellom dei to når ein ser på ulike storleiksordenar av korupsjonsbetalingar, og er ikkje signifikant forskjellige frå kvarandre. Også fordelinga av storleiken på verksemder basert i Asia (øvst) og utanfor (nedst) er relativt lik.

Tabell 10

<b>Asiatiske verksemder</b>		
<b>Talet på tilsette 2013</b>	<b>Talet på verksemder</b>	<b>Prosent</b>
Mindre enn 5 tilsette	46	3,6
5-9 tilsette	58	4,54
10-49 tilsette	343	26,84
50-199 tilsette	386	30,2
200-299 tilsette	127	9,94
300-499 tilsette	111	8,69
500-1000 tilsette	117	9,15
Meir enn 1000 tilsette	90	7,04
Sum	1.278	100
<b>Ikkje-asiatiske verksemder</b>		
<b>Talet på tilsette 2013</b>	<b>Talet på verksemder</b>	<b>Prosent</b>
Mindre enn 5 tilsette	9	3,69
5-9 tilsette	26	10,66
10-49 tilsette	85	34,84
50-199 tilsette	78	31,97
200-299 tilsette	17	6,97
300-499 tilsette	11	4,51
500-1000 tilsette	10	4,1
Meir enn 1000 tilsette	8	3,28
Sum	244	100

Likevel er det slik at det er fleire store asiatiske verksemder med fleire enn 300 tilsette enn for ikkje-asiatiske verksemder, og dette gjer at gjennomsnittstorleiken til dei asiatiske verksemndene er større (på 1%-signifikansnivå) enn dei som har base utanfor Asia.

Når det gjeld fordelinga på verksemder i dei ulike provinsane, fordeler verksemndene frå Asia og frå utanfor Asia seg ganske likt, men verksemndene frå utanfrå Asia er noko meir konsentrerte i provinsane Ho Chi Minh og Hanoi enn tilsvarande for dei asiatiske verksemndene. Sistnemnde utgjer ein større del verksemder i provinsane Binh Duong og Dong Nai og er dei einaste til stades i provinsen Vinh Phuc.

Når det gjeld korleis verksemndene fordelar seg i næringar, kan ein observere at verksemndene frå utanfor Asia har ein større del innanfor service/handel enn tilsvarande for dei asiatiske verksemndene. Samstundes er ein høgare del av dei asiatiske verksemndene innanfor industri og produksjon enn tilsvarande for ikkje-asiatiske selskap.

#### **4.2.6 Observasjonar som fell ut av analysen**

Nå ein undersøkjer fordelinga av observasjonar mellom dei som fell ut og dei som er med i analysen, så finn ein ikkje systematiske skilnadar i fordelinga av verksemdstorleik, opphavsland til verksemduene og ulike nivå av korrupsjonsbetalingar som del av årleg inntekt. Dette underbygger at det ikkje finnes skeivheitar i analysedelen som påverkar resultata.

# 5 Analyse

## 5.1 Undersøking av Hypotese 1: Vekst (målt som profittvekst) hjå utenlandske verksemder til stades i Vietnam vert negativt påverka av korupsjonsbetingar.

### 5.1.1 OLS-estimering

I første omgang vert modellen  $V_{ij} = \beta_0 + \beta_1 b_{ij} + \delta X_{ij} + \mu_{ij}$  estimert for å undersøke korleis effekten av korupsjonsbetingane frå verksemndene verkar inn på verksemdevksten i profitt mellom 2012 og 2013.

Tabell 11: Effekt av korupsjonsbetingar på verksemdevkst

Avhengig variabel: Verksemdevkst			
Variablar	(1)	(2)	(3)
Metode	OLS	OLS	OLS
Korupsjonsbeting	-0.00150 (0.0398)	-0.0152 (0.0394)	-0.0143 (0.0394)
Verksemdstorleik	-0.639 (0.393)	-0.681* (0.389)	-0.676* (0.396)
Log verksemdalder	-0.937*** (0.224)	-0.900*** (0.260)	-0.845*** (0.264)
Eksport tredjeland	1.152*** (0.308)	1.048*** (0.339)	1.097*** (0.351)
Vietnamesisk oppkjøp		-0.874 (0.585)	-0.929 (0.619)
Eigedomssertifikat			-0.190 (0.366)
Konstantledd	1.843*** (0.431)	1.995*** (0.485)	1.914*** (0.483)
Observasjonar	981	824	796
R <sup>2</sup>	0.034	0.032	0.032

Effekt av korupsjonsbetingar på verksemdevkst (profittvekst mellom 2012 og 2013).

Robuste standardfeil i parentesar  
\*\*\* p<0.01, \*\* p<0.05, \* p<0.1

Ved å nytte vanleg OLS er koeffisienten for effekten av prosentdel av årlege inntekta til uoffisielle korupsjonsbetingar til offentleg tilsette på verksemdevkst låg og ikkje

signifikant. Denne koeffisienten vert noko større i absoluttverdi når ein kontrollerer for om verksemda er ei tidlegare vietnamesisk verksemd som har vorte kjøpt opp i kolonne (2) i tabell 11 og om verksemda har eigedomssertifikat for grunnen som verksemda står på i kolonne (3). Verksemda sin alder og storleik har negativ påverknad på vekst hjå verksemda. Eksportverksemd til tredjeland har ein positiv signifikant effekt på vekst mellom 2012 og 2013.

For å freiste å kontrollere for potensielle endogenitetsproblem vert modellen (5) nytta i tabell 12:

$$V_i = \beta_0 + \beta_1 b_i^{INS} + X_i' \delta + \mu \quad (5)$$

Her vert det teke sektorspesifikke gjennomsnitt på provinsnivå for prosentdel korruptionsbetalingar som del av inntekt på provinsnivå for seks ulike sektorar (industri/produksjon, bygg- og infrastruktursektoren, service og handel, landbruk/skogbruk samt akvakultur, gruvedriftssektoren og til slutt finans/ bank og forsikring).

Tabell 12: Effekt av korrupsjonsbetingar på verksemdvirkst.

<b>Avhengig variabel: Verksemdvirkst</b>				
Variablar	(1)	(2)	(3)	(4)
Metode	IV	IV	IV	IV
Korrupsjonsbeting	-0.360 (0.328)	-0.447 (0.329)	-0.375 (0.316)	-0.644 (0.395)
Verksemdstørleik	-0.686* (0.409)	-0.770* (0.417)	-0.762* (0.419)	-0.914* (0.468)
Log verksemdalder	-0.982*** (0.228)	-0.925*** (0.266)	-0.884*** (0.270)	-0.852*** (0.303)
Eksport tredjeland	1.225*** (0.327)	1.158*** (0.363)	1.178*** (0.371)	1.336*** (0.408)
Vietnamesisk oppkjøp		-0.906 (0.558)	-0.945 (0.589)	-1.344** (0.669)
Eigedomssertifikat			-0.0426 (0.411)	0.156 (0.487)
Regulering				0.768 (0.565)
Infrastruktur				-0.419 (0.331)
F-observator	25.3602 (0.000)	25.1431 (0.000)	29.5207 (0.000)	27.3753 (0.000)
Konstantledd	2.407*** (0.633)	2.636*** (0.643)	2.458*** (0.625)	4.955 (3.280)
Observasjonar	981	824	796	742
R <sup>2</sup>	0.0475	0.0530	0.0630	0.0654

Effekt av korrupsjonsbetingar på verksemdvirkst (profittvekst mellom 2012 og 2013) for alle utanlandske verksemder. Verksemdspesifikke korrupsjonsbetingar vert instrumentert for med sektorspesifikke gjennomsnitt på provinsnivå.

Robuste standardfeil i parentesar  
\*\*\* p<0.01, \*\* p<0.05, \* p<0.1  
Parentesane under F-observatorane er p-verdiar

Når ein nytta sektorspesifikke gjennomsnitt på provinsnivå for korrupsjonsbetingane som instrument for korrupsjonsbeting til kvar einskilde verksem som i tabell 12, ser ein at koeffisienten er markant høgare i absoluttverdi på verksemdvirkst målt som profittvekst mellom 2012 og 2013. Medan (1)-(3) er spesifisert likeins som i tabell 8, er det i kolonne (4), i tillegg lagt til variabelen Regulering som syner kor mykje mange prosent av arbeidstida leiinga i verksemda nytta årleg på kontakte offentleg tilsette for å forstå og følgje administrative prosedyrar. Variabelen Infrastruktur er ein variabel som måler korleis

verksemde vurderer kvaliteten og effektiviteten på tenestene som provinsmyndighetene gjev på veginfrastruktur og straumforsyning. Begge desse variablane er inkluderte som sektorspesifikke gjennomsnitt på provinsnivå. Som det tidlegare har vore påpeika ville ikkje identifiseringsstrategien vore gyldig dersom nokre av sektorane innanfor dei einskilde provinsane vart systematisk defavoriserte ved at dei fekk mindre offentlege gode av därlegare kvalitet (Målt av infrastruktur) og der myndighetene systematisk pålegg verksemde ein høgare byråkratisk byrde (målt av variabelen Regulering). Dersom dette hadde vore høvet ville verksemder innanfor ein skilde sektorar i nokre provinsar med offentlege gode av därlegare kvalitet og større byråkratisk byrde hatt ein lågare vekst, og instrumentet ville i dette høvet påverke veksten i verksemde gjennom andre kanalar i tillegg til korupsjonsbetalingar.

Det å inkludere Infrastruktur og Regulering gjer at koeffisienten til effekten av korupsjonsbetalingar på verksemde sin profitvekst mellom 2012 og 2013 vert større (i absoluttverdi) i kolonne (4). Denne koeffisienten i kolonne (4) kan tolkast som at *eit prosentpoengs auke som del av verksemda si årlege inntekt til korupsjonsbetalingar til offentleg tilsette leier til ein lågare profitvekstrate hjå verksemda mellom 2012 og 2013 på 0.64 prosentpoeng*. F-observatoren for det første steget i to-stegs IV-modellen er over 25 for alle dei ulike spesifiseringane. Sjølv om ein skal vera varsam med å tolke resultata i tabell 12, samsvarar retningen i koeffisienten med resultata til Fisman og Svensson (2007) som også finn at korupsjonsbetalingar verkar inn negativt på verksemdevkst når dei ser på selskap i Uganda. Tabell 12 gjer ikkje at ein kan bekrefte Hypotese 1 om at verksemdevkst (målt som profitvekst) hjå utanlandske selskap til stades i Vietnam vert negativt påverka av korupsjonsbetalingar, all den tid dei ikkje er signifikante.

I tabell 12 har variabelen Verksemdstørleik (om verksemda har meir eller mindre enn 500 tilsette) eit negativt forteikn, noko som er i samsvar med at store verksemder veks saktare enn mindre verksemder. Alderen til verksemda (Log verksemdalder) verkar også signifikant (på eit prosents nivå) negativt inn på kor raskt verksemda veks i alle spesifiseringane. Som ein kan forvente har også det om verksemda eksporterer til tredjeland ein positiv verknad all den tid dette heng saman med internasjonale forbindinger og tilgang til marknadene, som burde gje større avsetjing på produksjonen. Indikatorvariablene Vietnamesisk oppkjøp, altså om verksemda opphavleg var eit vietnamesisk selskap som har vorte kjøpt opp, har ein negativ effekt på profitvekst, men er berre signifikant på 5% nivå i kolonne (4). Om verksemda eller

vietnamesisk forretningspartner har eigedomssertifikat har nesten ingen effekt på profittveksten i verksemda, og indikatorvariabelen er heller ikkje signifikant. Samstundes er dette ein viktig variabel å ha med all den tid det at ein har eigedomssertifikat verkar inn på forhandlingsposisjonen til verksemdene i møte med korrupte byråkratar (Bai et al. 2013). Ein ville forventa eit positivt forteikn her då det å inneha eigedomssertifikat burde styrke forhandlingposisjon til verksemdene overfor vietnamesiske byråkratar. Samstundes er det verdt å merke seg at effekten av korupsjonsbetaling på verksemdevkst i kolonne (3) vert noko redusert når ein inkluderer indikatorvariabelen Eigedomssertifikat. Variabelen Regulering har i kolonne (4), noko overraskande, eit positivt forteikn, sjølv om koeffisienten ikkje er signifikant. Ein ville ha forventa at di meir tid leiinga nyttar på å kontakte offentleg tilsette for å forstå og følgje administrative prosedyrar, di mindre ville dei vekse.

## **5.2 Undersøking av Hypotese 2: Asiatiske verksemder vert hardare råka av korupsjon enn det som er høvet for dei ikkje-asiatiske verksemdene**

Det er interessant å undersøkje om det er skilnadar på korleis korupsjonsbetalingar verkar inn på profittvekst hjå verksemdene på bakgrunn av kvar dei har opphavet sitt. I samsvar med Hypotese 2 vil det i følgjande verta undersøkt om det er skilnadar på kor skadeleg korupsjon er for profittveksten til verksemdene med bakgrunn i om dei er baserte i Asia eller ikkje. I tabell 13 vert det gjennomført dei same instrumentvariabelregresjonane som i den føregåande tabell 12, men her vert verksemdspesifikke korupsjonsbetalingar instrumentert for gjennom sektorspesifikke gjennomsnitt på provinsnivå *for berre* asiatiske selskap.

Tabell 13: Effekt av korrupsjonsbetingar på verksemdevekst hjå berre asiatiske selskap.

Avhengig variabel: Verksemdevekst				
Variablar	(1)	(2)	(3)	(4)
Metode	IV	IV	IV	IV
Korrupsjonsbeting	-0.661* (0.352)	-0.707** (0.358)	-0.616* (0.339)	-0.878** (0.438)
Verksemdstorleik	-0.777* (0.472)	-0.925* (0.477)	-0.920* (0.475)	-0.951* (0.542)
Log verksemdalder	-1.275*** (0.290)	-1.177*** (0.339)	-1.131*** (0.348)	-1.185*** (0.402)
Eksport tredjeland	1.396*** (0.387)	1.363*** (0.387)	1.363*** (0.437)	1.496*** (0.492)
Vietnamesisk oppkjøp		-1.292* (0.674)	-1.335* (0.696)	-1.670** (0.774)
Eigedomssertifikat			0.0408 (0.485)	0.370 (0.591)
Regulering				0.949 (0.621)
Infrastruktur				-0.510 (0.406)
F-observator	22.321 (0.000)	22.0975 (0.000)	26.217 (0.000)	23.904 (0.000)
Konstant	3.316*** (0.786)	3.478*** (0.765)	3.252*** (0.779)	6.295 (3.877)
Observasjonar	780	780	636	594
R <sup>2</sup>	0.0533	0.0589	0.0707	0.0726

Effekten av korrupsjonsbetingar for profittvekstvekst hjå dei asiatiske verksemndene (profittvekst mellom 2012 og 2013). Verksemdspesifikke korrupsjonsbetingar vert instrumentert for med sektorspesifikke gjennomsnitt på provinsnivå *berre* for asiatiske verksemder.

Robuste standardfeil i parentesar  
\*\*\* p<0.01, \*\* p<0.05, \* p<0.1  
Parentesane under F-observatorane er p-verdiar

I tabell 13 vert Hypotese 2 testa, og som går ut på at utanlandske verksemder basert i Asia vert hardare råka av korruptionen enn det som er høvet for verksemder frå utanfor Asia fordi asiatisk forretningskultur (guanxi) gjer at forhandlingsposisjonen til byråkraten er sterke overfor dei asiatiske verksemndene. Koeffisientane for effekten av prosent av inntekt til korrupsjonsutbetalingar på prosent vekst i verksemda verkar å underbyggje denne hypotesen ved at dei er større (i absoluttverdi) enn det høvet var for spesifiseringa av Hypotese 1 og

samstundes er dei alle signifikante på 10% nivå, og i kolonnane (2) og (4) også signifikant på 5% nivå. Som i tabell 12 fører kontrollvariablane Infrastruktur og Regulering til at koeffisienten på effekten av korupsjonsbetalingar på profittvekst vert større (i absoluttverdi) i kolonne (4). Ein kan tolke koeffisienten til variabelen Korupsjonsbetaling i kolonne (4) som at *eit prosentpoengs auke i del av årleg inntekt til korupsjonsbetalingar til offentleg tilsette i Vietnam for utanlandske verksemder med opphav i Asia leier til ein reduksjon i vekst målt som profittvekst mellom 2012 og 2013 på 0.88 prosentpoeng*. F-observatoren for det første steget i to-stegs SLS-modellen er over 20 for kolonnane (1) til (4).

I tabell 14 vert den same identifikasjonsstrategien nytta for verksemdene som har hovudsete utanfor Asia for å undersøkje om det er nokon skilnad i korleis korupsjonsbetalingane verkar inn på profittveksten deira samanlikna med dei asiatiske verksemdene.

Tabell 14: Effekten av korupsjonsbetalingar for vekst hjå verksemndene frå utanfrå Asia.

<b>Avhengig variabel: Verksemndvekst</b>				
Variablar	(1)	(2)	(3)	(4)
Metode	IV	IV	IV	IV
Korupsjonsbetaling	0.659 (0.775)	0.283 (0.563)	0.288 (0.579)	0.203 (0.459)
Verksemndstorleik	1.087 (1.128)	1.452 (1.452)	1.453 (1.559)	0.791 (1.458)
Log verksemdalder	-0.489 (0.439)	-0.511 (0.492)	-0.491 (0.510)	-0.289 (0.460)
Eksport tredjeland	0.635 (0.912)	0.331 (1.016)	0.323 (1.082)	0.722 (0.915)
Vietnamesisk oppkjøp		0.612 (0.753)	0.690 (0.816)	0.668 (0.814)
Eigedomssertifikat			-0.368 (0.885)	-0.435 (0.876)
Regulering				1.184* (0.627)
Infrastruktur				0.446 (0.365)
F-observator	4.1442 0.0434	4.22489 0.0415	4.35864 0.0389	4.48884 0.0363
Konstant	0.647 (1.131)	0.432 (1.029)	0.939 (0.945)	-5.924 (4.034)
Observasjonar	165	165	131	123
R <sup>2</sup>	0.0653	0.0664	0.0953	0.1090

Effekten av korupsjonsbetalingar for vekst hjå verksemndene frå utanfrå Asia (profittevket mellom 2012 og 2013). Verksemndspesifikke korupsjonsbetalingar vert instrumentert for med sektorspesifikke gjennomsnitt på provinsnivå *berre for* ikkje-asiatiske verksemder.

Robuste standardfeil i parentesar

\*\*\* p<0.01, \*\* p<0.05, \* p<0.1

Parentesane under F-observatorane er p-verdiar

Ingen av koeffisientane for effekten av prosent av inntekt til korupsjonsbetalingar på vekst i profitten hjå verksemndene i datamaterialet er signifikante, noko som kan skuldast at talet på observasjonar her er vesentleg lågare enn for dei asiatiske verksemndene. F-observatoren for det første steget i to-stegs IV-modellen er over er under 5 for alle dei ulike spesifiseringane, noko som gjer at ein har eit problem med svake instrument. Ingen av koeffisientane for Korupsjonsbetaling er signifikante.

Tabell 13 indikerer at det er ein skilnad på korleis korupsjonsbetalingar til offentleg tilsette i Vietnam verkar inn på profitvekst og synes å underbyggje Hypotese 2 om at vietnamesiske byråkratar har ein sterkare forhandlingsposisjon overfor dei asiatiske verksemndene enn det

som er høvet for dei ikkje-asiatiske verksemdene, slik at dei førstnemnde i større grad vert utsette for press og vilkårlegheit. Likevel kan ein ikkje utifrå dette slutte at grunnen til skilnaden ligg i ulik forretningskultur mellom asiatiske og ikkje-asiatiske verksemder. Det er mogleg at teknologiskilnadar gjer at ikkje-asiatiske verksemder vert meir robuste til å stå i mot press og vilkårlegheit frå vietnamesiske byråkratar. I det følgjande vert det freista å kontrollere for denne mulegheita.

### **5.2.1 Kontroll for teknologi**

Den føregåande analysen er konsistent med Hypotese 2 om at asiatiske verksemder verdt hardare råka av korupsjonsbetalingar enn det som er høvet for dei ikkje-asiatiske verksemdene. Likevel er det utifrå dei variablane ein har muligkeit til å studere vanskeleg å seie om dette skuldast at vietnamesiske byråkratar i større grad nyttar skadeleg press mot asiatiske verksemder enn verksemder frå utanfor Asia, eller om dette er grunna at det er teknologiskilnadar mellom dei to gruppene. Dersom dette er høvet, kan ein argumentere for at den ulike effekten ein finn av korupsjonsbetalingar på verksemdevekst kan koma av at dei ikkje-asiatiske verksemdene er betre rusta til å takle byråkratisk korrupsjon gjennom at dei har betre teknologi.

For å freiste å korrigere for dette utnyttar eg skilnadar i teknologiintensitet mellom dei ulike sektorane i tråd med ISIC Rev.4-kategoriseringa i vedlegg 4. Dei tre sektorane som vert definerte som høgteknologiske i øvste rubrikk i vedlegg 4 vert nytta som indikatorvariabel i tabell 15 (produksjon av farmasøytiske produkt, datamaskinar, elektriske og optiske produkt). Det er totalt berre 52 verksemder som høyrer til denne høgteknologi-kategorien i talmaterialet. Ni av dei er ikkje-asiatiske medan 43 er asiatiske. Som del av det totale talet asiatiske verksemder utgjer høgteknologi-kategorien 3.75% medan tilsvarande for dei ikkje-asiatiske verksemdene er 4.41%.

Tabell 15: Effekt av korrupsjonsbetingar på verksemdvirkst (profittvekst mellom 2012 og 2013) når teknologi er inkludert.

<b>Avhengig variabel: Verksemdvirkst</b>				
Variablar	(1)	(2)	(3)	(4)
Metode	IV	IV	IV	IV
Korrupsjonsbeting	-0.510 (0.389)	-0.597 (0.386)	-0.503 (0.358)	-0.868* (0.463)
Høgteknologi	1.103 (0.910)	1.126 (1.068)	1.168 (1.055)	1.107 (1.104)
Verksemdstørleik	-0.862* (0.462)	-0.984** (0.475)	-0.975** (0.469)	-1.068* (0.547)
Log verksemdalder	-1.035*** (0.260)	-0.984*** (0.301)	-0.925*** (0.302)	-0.939*** (0.360)
Eksport tredjeland	1.312*** (0.355)	1.287*** (0.393)	1.281*** (0.393)	1.378*** (0.452)
Vietnamesisk oppkjøp		-1.104* (0.648)	-1.148* (0.657)	-1.623** (0.741)
Eigedomssertifikat			-0.0952 (0.475)	0.263 (0.597)
Regulering				1.055* (0.630)
Infrastruktur				-0.560 (0.413)
F-observator	18.2662 (0.0000)	18.8172 (0.0000)	23.1265 (0.0000)	20.5428 (0.0000)
Konstantledd	2.724*** (0.785)	3.006*** (0.784)	2.782*** (0.738)	6.159 (3.971)
Observasjonar	855	724	707	659
R <sup>2</sup>	0.0395	0.0445	0.571	0.0580

Effekt av korrupsjonsbetingar på verksemdvirkst (profittvekst mellom 2012 og 2013) når indikatorvariabelen høgteknologi er inkludert.  
Verksemdspesifikke korrupsjonsbetingar vert instrumentert for med sektorspesifikke gjennomsnitt på provinsnivå.

Robuste standardfeil i parentesar

\*\*\* p<0.01, \*\* p<0.05, \* p<0.1

Parentesane under F-observatorane er p-verdiar

Spesifiseringa av modellen i tabell 15 er den same som i tabell 12 der alle verksemndene (både asiatiske og ikkje-asiatiske) i datasettet er tekne med, berre med den skilnad at dei høgteknologiske verksemndene er inkluderte som ein kontrollvariabel. Koeffisienten for variablen høgteknologi er positiv men ikkje signifikant. Koeffisientane for effekten av prosent av årleg inntekt til korrupsjonsutbetalingar på vekst i profitten hjå verksemndene vert større i absoluttverdi i tabell 15 enn i tabell 12, og vert signifikant på 10%-nivå i kolonne (4).

Den same verknaden kan ein observere i tabell 16 der det vert kontrollert for høgteknologi når ein berre ser på dei asiatiske verksemndene.

Tabell 16: Effekten av korrupsjonsbetalingar på verksemdvækst (profittvekst mellom 2012 og 2013) når teknologi er inkludert for berre asiatiske selskap.

<b>Avhengig variabel: Verksemdvækst</b>				
Variablar	(1)	(2)	(3)	(4)
Metode	IV	IV	IV	IV
Korrupsjonsbetaling	-0.817* (0.429)	-0.848* (0.436)	-0.730* (0.400)	-1.045** (0.530)
Høgteknologi	1.154 (1.096)	1.122 (1.251)	1.170 (1.241)	1.138 (1.281)
Verksemdstørleik	-0.816 (0.541)	-0.948* (0.548)	-0.956* (0.536)	-0.948 (0.624)
Log verksemdalder	-1.434*** (0.338)	-1.345*** (0.386)	-1.293*** (0.391)	-1.401*** (0.472)
Ekspartredjeland	1.381*** (0.429)	1.352*** (0.470)	1.321*** (0.473)	1.461*** (0.541)
Vietnamesisk oppkjøp		-1.421* (0.827)	-1.453* (0.806)	-1.896** (0.893)
Eigedomssertifikat			0.107 (0.570)	0.569 (0.722)
Regulering				1.064 (0.720)
Infrastruktur				-0.761 (0.524)
F-verdi	15.9456 (0.000)	15.9456 (0.000)	19.8804 (0.000)	17.9256 (0.000)
Konstantledd	3.866*** (0.987)	4.043*** (1.013)	3.756*** (0.945)	8.954* (4.907)
Observasjonar	688	588	573	535
R <sup>2</sup>	0.0447	0.0490	0.0641	0.0657

Effekten av korrupsjonsbetalingar vekst hjå dei asiatiske verksemndene (profittvekst mellom 2012 og 2013) når indikatorvariabelen høgteknologi er inkludert. Verksemdspesifikke korrupsjonsbetalingar vert instrumentert for med sektorspesifikke gjennomsnitt på provinsnivå for berre asiatiske verksemder.

Robuste standardfeil i parentesar  
\*\*\* p<0.01, \*\* p<0.05, \* p<0.1  
Parentesane under F-observatorane er p-verdiar

Også effekten av prosent av inntekt til korrupsjonsutbetalingar per år på vekst i profitten hjå dei ikkje asiatiske-verksemndene i tabell 17, vert redusert når ein kontrollerer for høgteknologi

og ein går over til å få små og negative koeffisientar i kolonnane (2)-(4). Ingen av dei er signifikante.

Tabell 17: Effekten av korupsjonsbetingar på verksemdevekst (profittvekst mellom 2012 og 2013) når teknologi er inkludert for berre ikkje-asiatiske selskap.

<b>Avhengig variabel:</b> <b>Verksemdevekst</b>				
Variabler	(1)	(2)	(3)	(4)
Metode	IV	IV	IV	IV
Korupsjonsbeting	0.373 (0.648)	-0.0551 (0.478)	-0.0246 (0.506)	-0.0701 (0.395)
Høgteknologi	0.285 (1.112)	-0.0573 (1.329)	-0.317 (1.311)	0.298 (1.138)
Verksemdstorleik	0.166 (0.885)	0.0385 (1.397)	0.191 (1.451)	-0.252 (1.330)
Log verksemdalder	-0.0849 (0.448)	0.0121 (0.494)	0.112 (0.516)	0.169 (0.467)
Eksport tredjeland	1.212 (0.825)	1.217 (0.936)	1.134 (0.938)	1.059 (0.859)
Vietnamesisk oppkjøp		0.222 (0.809)	0.355 (0.868)	0.490 (0.793)
Eigedomssertifikat			-0.965 (0.933)	-0.931 (0.858)
Infrastruktur				0.517 (0.356)
Regulering				1.226* (0.624)
F-verdi	4.369 (0.0385)	4.214 (0.0385)	4.216 (0.0426)	4.542 (0.0357)
Konstantledd	0.0525 (1.035)	0.510 (1.020)	0.458 (1.018)	-6.975* (4.076)
Observasjonar	136	110	109	103
R <sup>2</sup>	0.0847	0.1063	0.1077	0.1235

Effekten av korupsjonsbetingar for vekst hjå dei ikkje-asiatiske verksemde (profittvekst mellom 2012 og 2013) når teknologi er inkludert. Verksemdspesifikke korupsjonsbetingar vert instrumentert for gjennom sektorspesifikke gjennomsnitt på provinsnivå for berre ikkje-asiatiske verksemder.

Robuste standardfeil i parentesar  
\*\*\* p<0.01, \*\* p<0.05, \* p<0.1  
Parentesane under F-observatorane er p-verdiar

I den grad det å inkludere høgteknologiverksemder i samsvar med FN si ISIC rev.4-klassifisering tillét å kontrollere for eventuelle teknologiskilnadar, verkar tabellane 16 og 17 å underbygge at det ikkje er teknologiskilnadar som gjer at korupsjonsbetingar verkar meir

skadeleg på dei asiatiske verksemndene. Samstundes tillét ikkje det å nytte ISIC-kategoriar til å kontrollere for høgteknologi å undersøkje den faktiske kvaliteten på teknologien til verksemndene. Ein kan til dømes sjå føre seg at farmasøytiske verksemder i Asia nyttar mindre avansert teknologi enn det som er høvet for ikkje-asiatiske verksemder. Samstundes er teknologinivået høgt i mange asiatiske land som Sør-Korea, Japan og Taiwan, noko som talar imot at det burde vera nokon systematisk skilnad i kor utvikla teknologien er.

### **5.2.2 Er det skilnadar i korleis korruption påverkar verksemdvekst mellom dei asiatiske landa?**

For å undersøkje om det er skilnadar mellom dei ulike asiatiske landa i korleis korruptionsbetingar verkar inn på verksemdvekst målt som profittvekst, vert kolonne (4) i tabell 13 nytta til å sjå korleis koeffisienten endrar seg når ein tek ut verksemndene frå eitt og eitt av dei asiatiske landa<sup>8</sup>.

---

<sup>8</sup> Berre enkelte asiatiske land det kjem mange verksemder ifrå er inkludert i tabell 18, men forsøk med å ta ut dei andre landa forandrar ikkje koeffisienten til variabelen Korruptionsbetaling.

Tabell 18: Effekten av korupsjonsbetalingar for vekst (profittvekst mellom 2012 og 2013) hjå dei asiatiske verksemndene når ein tek ut enkeltland.

Avhengig variabel: verksemdvirkning						
Variablar	(1) -Sør-Korea	(2) -Japan	(3) -Malaysia	(4) -Taiwan	(5) -Singapore	(6) -Kina
Metode	IV	IV	IV	IV	IV	IV
Korupsjonsbetaling	-0.567 (0.348)	-0.875* (0.464)	-0.878** (0.438)	-0.901 (0.569)	-0.960** (0.486)	-0.940** (0.443)
Verksemdstørleik	-0.782 (0.557)	-0.678 (0.636)	-0.951* (0.542)	-1.249* (0.646)	-0.919 (0.576)	-1.154** (0.577)
Log verksemdalder	-0.902** (0.405)	-1.037** (0.435)	-1.185*** (0.402)	-1.372*** (0.484)	-1.248*** (0.449)	-1.249*** (0.426)
Eksport tredjeland	1.238*** (0.475)	1.483** (0.605)	1.496*** (0.492)	1.779*** (0.588)	1.385*** (0.529)	1.637*** (0.533)
Vietnamesisk oppkjøp	-1.669 (1.054)	-1.667 (1.019)	-1.670** (0.774)	-2.024** (0.919)	-1.180** (0.514)	-1.765** (0.826)
Eigedomssertifikat	0.407 (0.580)	0.346 (0.626)	0.370 (0.591)	0.220 (0.774)	0.323 (0.636)	0.633 (0.641)
Regulering	0.716 (0.659)	0.685 (0.676)	0.949 (0.621)	0.950 (0.715)	0.758 (0.618)	1.188* (0.678)
Infrastruktur	-0.873** (0.442)	-0.331 (0.404)	-0.510 (0.406)	-0.539 (0.451)	-0.453 (0.449)	-0.449 (0.439)
Observasjonar	448	434	594	445	555	558

Effekten av korupsjonsbetalingar for vekst (profittvekst mellom 2012 og 2013) hjå dei asiatiske verksemndene når ein tek ut enkeltland.

Verksemdspesifikke korupsjonsbetalingar vert instrumentert for med sektorspesifikke gjennomsnitt på provinsnivå berre for asiatiske verksemder.

Robuste standardfeil i parentesar  
\*\*\* p<0.01, \*\* p<0.05, \* p<0.1

Det som er særleg verdt å merke seg i tabell 18, er at når ein tek ut observasjonane som gjeld sør-koreanske verksemder, så vert koeffisienten for variabelen Korupsjonsbetaling tydeleg redusert (i absoluttverdi). Koeffisientane held seg på eit relativt stabilt nivå når ein tek ut dei andre landa, men vert noko mindre i kolonnane (2) og (3) der ein tek ut Japan og Malaysia. Koeffisienten til variabelen Korupsjonsbetaling er ikkje lengre signifikant på 10%-nivå når ein tek ut verksemndene frå Sør-Korea (kolonne 1) og Taiwan (kolonne 4), men dette kan også ha samband med mange observasjonar fell ut når ein tek ut desse to landa.

Det at ein finn desse skilnadane mellom landa for korleis korupsjonsbetalingar verkar inn på profittvekst samsvarar ikkje heilt med Hypotese 2 om at asiatisk forretningskultur gjer

verksemdere meir sårbare for press og vilkårlegheit frå byråkratar. Dersom Hypotese 2 var korrekt ville ein til dømes ikkje forvente at skilnadane i koeffisientane for korupsjonsbetaling mellom Sør-Korea og Japan var så store som det går fram av tabell 18 då ein ikkje forventar at guanxi-forretningskulturen burde vera så ulik i dei to landa. Sjølv om ein ikkje kan avfeie at forretningskultur spelar inn for korleis korupsjonsbetalingar verkar negativt inn på verksemdere, er det mykje som tyder på at det er andre faktorar som også spelar inn. Ein slik faktor kan vera at verksemder som kjem frå land som ligg langt ifrå Vietnam er betre rusta gjennom andre faktorar enn teknologi enn det som er høvet for asiatiske verksemder. Til dømes kan det vera at ikkje-asiatiske verksemder har ein sterkare forhandlingsposisjon ved at dei lettare kan flytte produksjonen til andre land, enn det asiatiske verksemder har mogleik til eller at risikoen for den vietnamesiske byråkraten for å verta tatt er større når han freistar å presse ikkje-asiatiske verksemder for korupsjonsbetalingar.

I det følgjande vert det undersøkt om korupsjonsnivå i opphavslandet spelar inn eller ikkje for korleis korupsjonsbetalingar verkar inn på profitvekst hjå verksemdere i samsvar med Hypotese 3.

## 5.3 Korupsjonsnivået i opphavslandet

### 5.3.1 Oppdeling av opphavslanda etter plassering på Transparency Internationals korupsjonsindeks

Fisman og Miguel (2007) fann i si studie at talet på parkeringsbøter utstedt til FN-diplomatatar i New York er positivt korrelert med persepsjonsbaserte korupsjonsindeksar for heimlanda deira, også når ein kontrollerer for brutto nasjonalprodukt per kapita og kor lenge diplomatane hadde vore stasjonerte i byen. Habib og Zurawicki (2002) finn at skilnadar mellom persepsjonsbaserte indeksar mellomnak land og mottakarland er assosiert med mindre utanlandske direkteinvesteringar. I det følgjande undersøkjer eg om det er skilnadar mellom verksemder frå land som scorar lågt på Transparency International si persepsjonsbaserte undersøking og verksemder frå landa som scorar høgt. Dersom dette er høvet er det mogleg at skilnadarne i effekten av korupsjonsbetalingar på profitvekst mellom asiatiske og ikkje-

asiatiske verksemder som var funne i tabellane 13 og tabell 14 samt i tabellane 16 og 17 heng saman med ulike korupsjonsnivå i opphavslanda<sup>9</sup> til verksemndene.

For å undersøkje om det er skilnadar i effekten av korupsjonsbetalingar på verksemdevekst avhenger av korupsjonsnivået, vert Transparency Internationals persepsjonsbaserte indeks for 2013 nytta til å dele inn landa i høgkorupsjonsland og lågkorupsjonsland. Basert på fleire internasjonale undersøkingar<sup>10</sup> vert landa rangerte på ein skala frå 0 til 100 der 100 er minst korrupt og 0 er mest korrupt. Ifølgje Transparency International indikerer ein score på 50 og under eit alvorleg korupsjonsproblem (Transparency international, 2013). For å freiste å undersøkje om det er nokon skilnad på grunnlag av korupsjonsnivå i opphavslandet til verksemndene vert dei delt inn i to grupper; verksemder frå land som oppnår 50 poeng eller lågare på Transparency Internationals korupsjonsindeks for 2013 og verksemder frå land som scorar høgare enn 50 som synt nedanfor:

Land som oppnår mindre enn 50 poeng på Transparency Internationals persepsjonsbaserte indeks for 2013		Land som oppnår meir enn 50 poeng på Transparency Internationals persepsjonsbaserte indeks for 2013	
Argentina, Kambodsja, Kina, Tsjekkia, India, Indonesia, Italia, Nord-Korea, Kuwait, Filippinene, Romania, Russland, Thailand, Ukraina, Malaysia og Tyrkia.		Australia, Østerrike, Belgia, Brunei, Canada, Kypros, Danmark, Dominica, Frankrike, Tyskland, Hong Kong, Irland, Israel, Japan, Sør-Korea, Luxembourg, Nederland, New Zealand, Norge, Seychellene, Singapore, Spania, Sverige, Sveits, Taiwan, England og USA	
Asiatiske	162	Asiatiske	1099
Ikkje-Asiatiske	14	Ikkje-Asiatiske	224
Sum	176	Sum	1323

<sup>9</sup> Som tidlegare diskutert må ein vera varsam med å tenkje at persepsjonsbaserte korupsjonsindeksar kan nyttast til å estimere storleiken på korupsjonen som har føregått. Dei reflekterer i kor stor grad korupsjonen er gjennomgripande i eit samfunn, altså kor ofte verksemder og individ er eksponert for korupsjon i det aktuelle landet.

<sup>10</sup> Blant dei er African Development Bank si undersøkjing "Governance Ratings", World Bank sin "Country Performance and Institutional Assessment", World Economic Forum sin "Executive opinion Survey" og Transparency sin eigen "Bribe Payers Survey" (kjelde: Transparency International Corruption Perception Index 2013).

Av verksemdene som oppnår mindre enn 50 poeng, er det ei klår overvekt av asiatiske verksemder, 72 av dei kjem frå Kina, 35 frå Thailand og 40 frå Malaysia. Desse tre landa er opphavsland for heile 83.5% av verksemdene i høgkorrupsjonskategorien med ein score på under 50 i korrupsjonsindeksen.

Vidare vert det som tidlegare teke sektorspesifikke gjennomsnitt på provinsnivå for prosentdel korrupsjonsbetalingar som del av inntekt på provinsnivå for seks ulike sektorar for kvar av dei to gruppene over. I tabell 19 vert verksemder frå land som oppnår mindre enn 50 poeng på Transparency Internationals persepsjonsbaserte indeks for 2013 analysert.

Tabell 19: Effekten av korupsjonsbetingar for vekst (profittvekst mellom 2012 og 2013) for verksemder frå høgkorupsjonsland.

Avhengig variabel: Verksemndvekst				
Variablar	(1)	(2)	(3)	(4)
Metode	IV	IV	IV	IV
Korupsjonsbeting	2.077** (0.981)	1.315* (0.722)	1.327** (0.672)	1.117 (1.043)
Høgteknologi	-1.636** (0.771)	-1.827** (0.760)	-2.107** (0.848)	-1.511* (0.792)
Verksemdstorleik	2.003** (1.010)	1.848* (0.960)	1.794* (0.970)	1.846 (1.307)
Log verksemdalder	0.181 (0.495)	-0.125 (0.474)	0.171 (0.504)	-0.183 (0.391)
Eksport tredjeland	-0.449 (0.834)	-1.162 (0.739)	-1.113 (0.719)	-0.611 (0.692)
Vietnamesisk oppkjøp		0.0215 (0.565)	0.422 (0.694)	-0.189 (0.950)
Eigedomssertifikat			-0.976 (0.849)	-0.674 (0.877)
Regulering				-0.615 (1.089)
Infrastruktur				0.0539 (0.415)
F-observator	27.56 (0.0011)	21.98 (0.0031)	21.249 (0.0022)	23.071 (0.0031)
Konstantledd	-1.804 (1.692)	0.0789 (1.254)	-0.190 (1.248)	0.926 (4.643)
Observasjonar	83	70	70	62
R <sup>2</sup>	-0.232	-0.020	-0.003	-0.018

Effekten av korupsjonsbetingar for vekst (profittvekst mellom 2012 og 2013) for verksemder frå høgkorupsjonsland. Verksemndspesifikke korupsjonsbetingar vert instrumentert for med sektorspesifikke gjennomsnitt på provinsnivå for verksemder som oppnår mindre enn 50 poeng på Transparency International sin persepsjonsbaserte indeks for 2013.

Robuste standardfeil i parentesar

\*\*\* p<0.01, \*\* p<0.05, \* p<0.1

Parentesane under F-observatorane er p-verdiar

Sjølv om talet på observasjonar er lågt, er det ein noko overraskande positiv signifikant (på 5%-nivå i kolonnane 1 og 3 og 10 %-nivå i kolonne 2) verknad av korupsjonsbetingar på profittvekst for verksemder frå land med høg grad av korupsjon. I kolonne (4) er koeffisienten ikkje lengre signifikant. Det er likevel grunn til å vera varsam med å trekke slutningar frå tabell 19, all den tid koeffisientane på variablane Høgteknologi, Verksemdstorleik, Verksemdalder og Eksport tredjeland alle har forteikn som ikkje er i

samsvar med kva ein ville forvente. Til dømes ville ein ha forventa eit positivt forteikn på om verksemda eksporterer til tredjeland eller ikkje då dette burde gje moglegheit for større avsetjing for verksemda sine varer og også vere positivt assosiert med internasjonalt nettverk hjå verksemda. Verksemder frå land som oppnår meir enn 50 poeng på Transparency Internationals persepsjonsbaserte indeks for 2013 vert analyserte i tabell 20:

Tabell 20: Effekten av korupsjonsbetalingar for vekst (profittvekst mellom 2012 og 2013) for verksemder frå lågkorupsjonsland.

Avhengig variabel: Verksemndvekst		(1)	(2)	(3)	(4)
Variablar		IV	IV	IV	IV
Metode	IV	IV	IV	IV	IV
Korupsjonsbetaling	-0.650 (0.406)	-0.642 (0.404)	-0.541 (0.368)	-0.866* (0.459)	
Høgteknologi	1.391 (1.042)	1.220 (1.162)	1.278 (1.146)	1.209 (1.196)	
Verksemndstorleik	-1.157** (0.534)	-1.320** (0.539)	-1.322** (0.531)	-1.393** (0.612)	
Log verksemdalder	-1.250*** (0.305)	-1.096*** (0.345)	-1.035*** (0.344)	-1.102*** (0.410)	
Eksport tredjeland	1.619*** (0.419)	1.637*** (0.452)	1.627*** (0.454)	1.674*** (0.517)	
Vietnamesisk oppkjøp		-1.089 (0.730)	-1.146 (0.741)	-1.757** (0.851)	
Eigedomssertifikat			-0.0260 (0.547)	0.391 (0.681)	
Regulering				1.156* (0.651)	
Infrastruktur				-0.405 (0.431)	
F-observator	15.083	15.567	19.194	18.817	
Konstantledd	3.294*** (0.877)	3.227*** (0.877)	2.971*** (0.811)	4.826 (4.217)	
Observasjonar	714	616	600	565	
R <sup>2</sup>	-0.136	-0.142	-0.087	-0.315	

Effekten av korupsjonsbetalingar for vekst (profittvekst mellom 2012 og 2013) for verksemder frå lågkorupsjonsland. Verksemndspesifikke korupsjonsbetalingar vert instrumenterte for med sektorspesifikke gjennomsnitt på provinsnivå for verksemder som oppnår meir enn 50 poeng på Transparency Internationals persepsjonsbaserte indeks for 2013.

Robuste standardfeil i parentesar

\*\*\* p<0.01, \*\* p<0.05, \* p<0.1

Parentesane under F-observatorane er p-verdiar

Når ein studerer tabell 20 går det fram ein negativ effekt (men berre signifikant på 10%-nivå i kolonne 4) av korupsjonsbetalingar på profitveksten hjå verksemndene, sjølv om effekten er noko mindre enn den ein observerte på effekten av korupsjonsbetalingar hjå dei asiatiske verksemndene i tabellane 13 og 16 på verksemdevkst. Tabell 20 underbyggjer ikkje Hypotese 3 om at korupsjon i opphavslandet påverkar korleis korupsjon verkar inn på verksemndene.

Det er likevel interessant å undersøkje verknaden av å auke terskelen for skiljet mellom låg- og høgkorupsjonsland, og også inkludere opphavslanda til verksemndene som oppnår mellom 50 og 60 i den nedre kategorien.

### **5.3.2 Oppdeling av opphavslanda til verksemndene med høgare poenggrense**

Når ein deler opphavslanda i etter om dei oppnår meir eller mindre enn 60 poeng på Transparency Internationals persepsjonsbaserte indeks for 2013, fordeler landa seg som nedanfor:

Land som oppnår mindre enn 60 poeng på Transparency International sin persepsjonsbaserte indeks for 2013	Land som oppnår meir enn 60 poeng på Transparency International sin persepsjonsbaserte indeks for 2013		
Argentina , Kambodsja, Kina, Tsjekkia, India, Indonesia , Italia, Nord-Korea, Kuwait, Filippinene, Romania, Russland, Thailand, Ukraina, Malaysia, Tyrkia, Sør-Korea, Seychellene, Dominica, Brunei, Spania	Australia, Østerrike, Belgia, Canada, Kypros, Danmark, Frankrike, Tyskland, Hong Kong, Irland, Israel, Japan, Luxembourg, Nederland, New Zealand, Norge, Singapore, Sverige, Sveits, Taiwan , England, USA		
Asiatiske	457	Asiatiske	804
Ikkje-asiatiske	18	Ikkje-asiatiske	220
Sum	475	Sum	1024

Det som gjer størst utslag i talet på verksemder er at Sør-Korea (som får 55 poeng i indeksen) havnar i kategorien av opphavsland for verksemder som oppnår mindre enn 60 poeng 295 av verksemdene i denne kategorien er sør-koreanske. Berre 3.8% av verksemdene i kategorien av opphavsland som får mindre enn 60 poeng på Transparency sin korrupsjonsindeks er fra utanfor Asia, medan tilsvarende for den andre kategorien er 21.5%.

Verksemder fra land som oppnår mindre enn 60 poeng på Transparency Internationals persepsjonsbaserte indeks for 2013 vert analyserte i tabell 21:

Tabell 21: Effekten av korupsjonsbetingar for vekst (profitvekst mellom 2012 og 2013) for verksemder frå land med høg grad og mellomstor grad av korupsjon.

<b>Avhengig variabel: Verksemdvirkning</b>	(1)	(2)	(3)	(4)
Variablar				
Metode	IV	IV	IV	IV
Korupsjonsbetinging	-0.953** (0.457)	-1.083** (0.475)	-1.018** (0.468)	-1.119** (0.512)
Høgteknologi	2.401 (2.975)	2.122 (2.906)	2.200 (2.926)	2.298 (2.887)
Verksemdstørleik	-0.407 (0.874)	-0.342 (0.909)	-0.334 (0.922)	-0.401 (0.975)
Log verksemdalder	-1.293** (0.525)	-1.757*** (0.659)	-1.610*** (0.580)	-1.668*** (0.605)
Eksport tredjeland	0.761 (0.657)	0.822 (0.769)	0.859 (0.838)	1.003 (0.882)
Vietnamesisk oppkjøp		-0.904 (0.834)	-0.963 (0.802)	-0.784 (0.918)
Eigedomssertifikat			-0.192 (0.949)	-0.187 (0.976)
Regulering				0.469 (0.601)
Infrastruktur				-0.610 (0.608)
F-observator	25.178	28.670	31.379	31.330
Konstantledd	3.804*** (1.147)	4.960*** (1.309)	4.620*** (1.231)	9.311* (5.601)
Observasjonar	246	214	208	196
R <sup>2</sup>	-0.0533	-0.0743	-0.0618	-0.0750

Effekten av korupsjonsbetingar for vekst (profitvekst mellom 2012 og 2013) for verksemder frå land med høg grad og mellomstor grad av korupsjon. Verksemdspesifikke korupsjonsbetingar vert instrumentert for med sektorspesifikke gjennomsnitt på provinsnivå for verksemder som oppnår mindre enn 60 poeng på Transparency International sin persepjonsbaserte indeks for 2013.

Robuste standardfeil i parentesar

\*\*\* p<0.01, \*\* p<0.05, \* p<0.1

Parentesane under F-observatorane er p-verdiar

Når ein studerer tabell 21 ser ein at ein går frå å ha positive koeffisientar for effekten av korupsjonsbetingar på verksemdvirkning i tabell 19 til å få tydeleg negative koeffisientar, der alle spesifiseringar er signifikante på 5%-nivå. Dette er noko som i stor grad vert drive av verksemdeina frå Sør-Korea.

Tabell 22: Effekten av korrupsjonsbetingar for vekst (profittvekst mellom 2012 og 2013) for verksemder frå land med låg grad av korrupsjon.

Avhengig variabel: <b>Verksemndvekst</b>				
Variablar	(1)	(2)	(3)	(4)
Metode	IV	IV	IV	IV
Korrupsjonsbeting	-0.178 (0.189)	-0.145 (0.167)	-0.159 (0.164)	-0.322 (0.232)
Høgteknologi	1.295* (0.676)	1.075 (0.746)	1.036 (0.749)	0.968 (0.802)
Verksemndstorleik	-0.998* (0.565)	-1.122** (0.536)	-1.122** (0.539)	-1.143* (0.592)
Log verksemdalder	-0.967*** (0.298)	-0.742** (0.329)	-0.730** (0.348)	-0.708* (0.375)
Eksport tredjeland	1.560*** (0.422)	1.496*** (0.436)	1.489*** (0.443)	1.462*** (0.472)
Vietnamesisk oppkjøp		-0.953 (0.851)	-1.015 (0.877)	-1.547 (1.075)
Eigedomssertifikat			-0.100 (0.456)	0.271 (0.549)
Regulering				0.697 (0.535)
Infrastruktur				-0.900* (0.460)
F-observator	26.467	30.388	34.292	31.691
Konstantledd	2.097*** (0.688)	1.885*** (0.702)	1.938*** (0.707)	8.738* (4.577)
Observasjonar	551	472	462	431
R <sup>2</sup>	0.0229	0.0253	0.0215	-0.0274

Effekten av korrupsjonsbetingar for vekst (profittvekst mellom 2012 og 2013) for verksemder frå land med låg grad av korrupsjon. Verksemndspesifikke korrupsjonsbetingar vert instrumentert for gjennom sektorspesifikke gjennomsnitt på provinsnivå for verksemder som oppnår meir enn 60 poeng på Transparency Internationals persepsjonsbaserte indeks for 2013.

Robuste standardfeil i parentesar  
\*\*\* p<0.01, \*\* p<0.05, \* p<0.1  
Parentesane under F-observatorane er p-verdiar

Når ein studerer tabell 22 går det fram at når ein set grensa til 60 poeng på Transparency Internationals persepsjonsbaserte indeks, vert absoluttverdien av dei negative koeffisientane for Korrupsjonsbetingar redusert for kategorien med lågkorrupsjonsland i høve til tabell 20,

der også dei sør-koreanske verksemdene inngjekk. Ingen av koeffisientane for Korupsjonsbetaling i tabell 22 er signifikante.

Det er vanskeleg å seie kor mykje av den negative effekten av korruption på profittutvikling mellom 2012 og 2013 i tabell 21 for land med høg og mellomstor grad av korruption som er knyta til det at verksemder som kjem frå mellomkorrupte land (som oppnår mellom 50-60 på Transparency Internationals indeks), vert hardare råka enn verksemder som kjem frå land med mindre korruption. Samstundes kan det vera andre faktorar ved verksemder frå Sør-Korea som gjer at dei vert hardare råka av byråkratisk korruption i Vietnam, og som driv funna i tabell 21.

## 6 Diskusjon

Likeins med det Fisman og Svensson (2007) finn for verksemder i Uganda, så indikerer analysen i denne oppgåva at korupsjonsbetingar har ein negativ innverknad på utanlandske verksemder i Vietnam, men ein finn berre statistisk signifikante funn for verksemder med opphav i Asia. Ein har derfor ikkje statistisk grunnlag til å bekrefte Hypotese 1. Samstundes er det teikn på at det er skilnadar på korleis verksemndene vert råka av korupsjonen. Ein finn dekning i datamaterialet for at det er skilnadar i korleis verksemder med opphav i Asia og dei med opphav frå utanfor Asia vert råka, der dei førstnemnde vert tydelege negativt påverka av korupsjon medan ein ikkje finn noko liknande signifikant effekt for dei ikkje-asiatiske verksemndene. Likevel er det ikkje dekning for å seie at den negative effekten av korupsjonsbetingar hjå dei asiatiske verksemndene kjem berre av ulik forretningskultur i Asia i høve til dei andre landa i samsvar med Hypotese 2. Når ein undersøkjer om det er forskjellar i korupsjonsnivå i opphavslanda som ligg bak ulikskapen i korleis korupsjon verkar inn på verksemndene som investerer i Vietnam i samsvar med Hypotese 3, finn ein ikkje statistisk grunnlag til å bekrefte denne hypotesen.

Det er verdt å diskutere desse tendensane i lys av Lee og Oh (2007) sin påstand om at Vietnam er eit land som har gjennomgripande korupsjon men samstundes låg grad av vilkårlegheit i framferda til byråkratar og myndighetspersonar. Denne skildringa er ikkje i samsvar med den føregåande analysen, der særleg dei asiatiske verksemndene verkar å vera negativt påverka av korupsjon. Dette kan indikere at graden av vilkårlegheit frå vietnamesiske byråkratar kan vera høg overfor verksemder der dei har ein betre forhandlingsposisjon, og at dette gjer seg gjeldande i større grad overfor asiatiske verksemder, og særskild overfor dei frå Sør-Korea.

Særleg den signifikante negative effekten av korupsjon for dei asiatiske verksemndene er i samsvar med funna til Fisman og Svensson (2007) si studie på verksemder i Uganda. Dette indikerer at trass at Vietnam har hatt ein høg økonomisk vekst dei siste 25 åra, så er potensialet truleg endå større, og dette potensialet vert redusert delvis som følgje av vilkårleg byråkratisk korupsjon. Denne oppgåva gjev eit bilet av korleis dette vekstpotensialet vert redusert gjennom den negative verknaden korupsjon kan ha på utanlandske verksemder som investerer i Vietnam.

Det er likevel grunn til å vera forsiktig med å trekka klare konklusjonar ut ifrå analysen. Oppgåva tek berre føre seg verksemdu si profittutvikling over to år, og ein har berre data for korupsjonsbetalingar for eitt enkelt år. Dette gjer at eventuelle årlege variasjonar i korupsjonsbetalingar eller endringar i korleis desse verkar inn på profitutviklinga ikkje kan takast høgde for. Spørsmål om korupsjonsbetalingar er også eit kjenslevart område, og det vil derfor alltid vera ein viss risiko for feilrapportering trass at ein har freista å minimere desse gjennom å formulera spørsmåla på ein slik måte at verksemdu skal oppgje korrekte svar og vidare gjennom identifikasjonsstrategien der det er teke sektorspesifikke gjennomsnitt av korupsjonsbetalingar på provinsnivå for å redusere faren for feilrapportering.

## 7 Konklusjon

I denne oppgåva vert tre hypotesar undersøkte ved å nytte ein IV-strategi. Denne IV-strategien går ut på å nytte sektorspesifikke gjennomsnitt av korrupsjonsbetalingar på provinsnivå for å instrumentere for verksemdspesifikke korrupsjonsbetalingar hjå utanlandske verksemder til stades i tolv vietnamesiske provinsar. Det vert undersøkt korleis korrupsjonsbetalingar verkar inn på verksemdviekst som vert målt av profittvekst mellom 2012 og 2013 hjå dei utanlandske verksemdene. Desse tre hypotesane er: (1) At utanlandske verksemder som operer i Vietnam vert negativt råka av korrupsjon, (2) at asiatiske verksemder vert hardare råka enn ikkje-asiatiske verksemder av korrupsjonen grunna ulik forretningskultur og (3) at verksemder frå land med låg grad av korrupsjon vil verta hardare råka av byråkratisk korrupsjon av å operere i eit land som Vietnam, der korrupsjon er utbreidd, enn verksemder med opphav i land med høgt korrupsjonsnivå.

Ein finn ikkje statistisk grunnlag for å bekrefte Hypotese 1. Samstundes vert det funne ein signifikant negativ effekt av korrupsjonsbetalingar på asiatiske verksemder i samsvar Hypotese 2. Denne negative effekten verkar likevel ikkje berre gjennom ulik forretningskultur, då dette ikkje kan forklara skilnadane i effekten av korrupsjonsbetalingar på profittutvikling mellom 2012 og 2013 mellom dei asiatiske landa. Ein finn heller ikkje statistisk grunnlag til å kunne bekrefte Hypotese 3. Likevel indikerer analysen at verksemder frå land mellomstor grad av korrupsjon (verksemder frå land som oppnår mellom 50 og 60 poeng på Transparency International sin korrupsjonsindeks) vert signifikant negativt råka av byråkratisk korrupsjon i Vietnam. Den negative effekten av korrupsjon på verksemdviekst for verksemder frå opphavsland med mellomstor grad av korrupsjon vert likevel i stor grad driven av verksemdene frå eit land: Sør-Korea.

Sjølv om funna i denne oppgåva må tolkast med varsemd grunna den korte tidsperioden som vert studert og faren for feilrapporteringar i spørjeundersøkinga, underbygger dei likevel at korrupsjon kan ha skadeleg effekt på asiatiske verksemder som investerer i Vietnam, og særskild på sør-koreanske verksemder. I tillegg peikar analysen på at det er skilnadar mellom verksemder i korleis effekten av korrupsjon verkar inn på profittveksten deira på bakgrunn av kva land dei kjem frå. Det finne ut meir om kva som ligg bak desse skilnadane er noko som inviterer til meir forsking på korrupsjon.



# Litteraturliste

- Acemoglu, D., & Johnson, S. (2003). Unbundling Institutions. *Journal of Political Economy*, 113(5), 949-995. Henta från:  
[https://faculty.fuqua.duke.edu/~charvey/Spur/Acemoglu\\_Unbundling.pdf](https://faculty.fuqua.duke.edu/~charvey/Spur/Acemoglu_Unbundling.pdf)  
(13.01.2015).
- Acemoglu, D., Johnson, S., & Robinson, J. A. (2001). The Colonial Origins of Comparative Development: An Empirical Investigation. *American Economic Review*, 91(5), 1369-1401. doi: 10.1257/aer.91.5.1369
- Andvig, J. K., & Moene. (1990). How corruption may corrupt. *Journal of economic behavior & organization*, 13(1), 63-76. Henta från: [http://ac.els-cdn.com/016726819090053G/1-s2.0-016726819090053G-main.pdf?\\_tid=f17348a2-9b24-11e4-a73e-0000aab0f26&acdnat=1421154550\\_7caf4482722f02aebbb65a945bf3b0ac](http://ac.els-cdn.com/016726819090053G/1-s2.0-016726819090053G-main.pdf?_tid=f17348a2-9b24-11e4-a73e-0000aab0f26&acdnat=1421154550_7caf4482722f02aebbb65a945bf3b0ac)  
(13.01.2015).
- Anwar, S., & Nguyen, L. P. (2010). Foreign direct investment and economic growth in Vietnam. *Asia Pacific Business Review*, 16(1-2), 183-202. doi: 10.1080/10438590802511031
- Bai, J., Jayachandran, S., Malesky, E. J., & Olken, B. (2013). Does Economic Growth Reduce Corruption? Theory and Evidence from Vietnam, NBER Working Paper No. 19483. doi: 10.3386/w19483
- Beresford, M. (2008). Doi Moi in review: The challenges of building market socialism in Vietnam. *Journal of Contemporary Asia*, 38(2), 221-243. doi: 10.1080/00472330701822314
- Bliss, C., & Di Tella, R. (1997). Does Competition Kill Corruption? *Journal of Political Economy*, 105(5), 1001-1023. doi: 10.1086/262102
- Easterly, W., & Levine, R. (1997). Africa's Growth Tragedy: Policies and Ethnic Divisions. *The Quarterly Journal of Economics*, 112(4), 1203-1250. doi: 10.2307/2951270
- Fisman, R. (2001). Estimating the Value of Political Connections. *The American Economic Review*, 91(4), 1095-1102. doi: 10.2307/2677829
- Fisman, R., & Miguel, E. (2007). Corruption, Norms, and Legal Enforcement: Evidence from Diplomatic Parking Tickets. *Journal of Political Economy*, 115(6), 1020-1048. doi: 10.1086/527495
- Fisman, R., & Svensson, J. (2007). Are corruption and taxation really harmful to growth? Firm level evidence. *Journal of development economics*, 83(1), 63-75. Doi: 10.1016/j.jdeveco.09.009
- Greif, A. (1993). Contract enforceability and economic institutions in early trade: The Maghribi traders' coalition. *The American Economic Review*, 525-548. Henta från: <http://www.jstor.org/stable/2117532> (13.01.2015)

- Gueorguiev, D., & Malesky, E. (2012). Foreign investment and bribery: A firm-level analysis of corruption in Vietnam. *Journal of Asian Economics*, 23(2), 111-129. doi: <http://dx.doi.org/10.1016/j.asieco.2011.11.006>
- Habib, M., & Zurawicki, L. (2002). Corruption and Foreign Direct Investment. *Journal of International Business Studies*, 33(2), 291-307. doi: 10.2307/3069545
- Harstad, B., & Svensson, J. (2011). From corruption to lobbying and economic growth. *American Political Science Review*, 105(1), 46-63. doi: 10.1017/S0003055410000523
- Kaufmann, D., & Wei, S.-J. (1999). Does "grease money" speed up the wheels of commerce? : National bureau of economic research. Henta från: [http://mpra.ub.uni-muenchen.de/8209/1/MPRA\\_paper\\_8209.pdf](http://mpra.ub.uni-muenchen.de/8209/1/MPRA_paper_8209.pdf) (13.01.2015)
- Knack, S., & Keefer, P. (1995). Institutions and economic performance: Cross-country tests using alternative institutional measures. *Economics & Politics*, 7(3), 207-227. doi: 10.1111/j.1468-0343.1995.tb00111.x
- Lee, S.-H., Lee, K., & Oh. (2007). Corruption in Asia: Pervasiveness and arbitrariness. *Asia Pacific journal of management*, 24(1), 97-114. doi: 10.1007/s10490-006-9027-y
- Leff, N. H. (1964). Economic Development Through Bureaucratic Corruption. *American behavioral scientist*, 8(3), 8-14. doi: 10.1177/000276426400800303
- Luo, Y. (2002). Corruption and organization in Asian management systems. *Asia Pacific journal of management*, 19(2-3), 405-422. Doi: 10.1023/A:1016252021370
- Mauro, P. (1995). Corruption and Growth. *The Quarterly Journal of Economics*, 110(3), 681-712. doi: 10.2307/2946696
- Murphy, K. M., Shleifer, A., & Vishny, R. W. (1991). The Allocation of Talent: Implications for Growth. *The Quarterly Journal of Economics*, 106(2), 503-530. doi: 10.2307/2937945
- Murphy, K. M., Shleifer, A., & Vishny, R. W. (1993). Why Is Rent-Seeking So Costly to Growth? *The American Economic Review*, 83(2), 409-414. doi: 10.2307/2117699
- Nguyen, T. T., & van Dijk, M. A. (2012). Corruption, growth, and governance: Private vs. state-owned firms in Vietnam. *Journal of Banking & Finance*, 36(11), 2935-2948. doi: <http://dx.doi.org/10.1016/j.jbankfin.2012.03.027>
- North, D. C. (1994). Economic Performance Through Time. *The American Economic Review*, 84(3), 359-368. doi: 10.2307/2118057
- Olken, B. (2009). Corruption perceptions vs. corruption reality. *Journal of public economics*, 93(7), 950-964. doi: 10.1016/j.jpubeco.2009.03.001

- Olken, B. A., & Barron, P. (2007). The Simple Economics of Extortion: Evidence from Trucking in Aceh, *Journal of Political Economy*, 117(3), 417-452. doi: 10.3386/w13145
- Olken, B. A., & Pande, R. (2011). "Corruption in Developing Countries," *Annual Review of Economics*, 4(1), 479-509. doi: 10.3386/w17398
- Rand, J., & Tarp, F. (2012). Firm-Level Corruption in Vietnam. *Economic Development and Cultural Change*, 60(3), 571-595. doi: 10.1086/664022
- Reinikka, R., & Svensson, J. (2005). Fighting Corruption to Improve Schooling: Evidence from a Newspaper Campaign in Uganda. *Journal of the European Economic Association*, 3(2/3), 259-267. doi: 10.2307/40004969
- Rodriguez, P., Uhlenbruck, K., & Eden, L. (2005). Government Corruption and the Entry Strategies of Multinationals. *The Academy of Management Review*, 30(2), 383-396. doi: 10.2307/20159125
- Rose-Ackerman, S. (1975). The economics of corruption. *Journal of public economics*, 4(2), 187-203. doi: 10.1016/0047-2727(75)90014-1
- Rose-Ackerman, S. (1996). The political economy of corruption: causes and consequences. *Viewpoint*, note no. 74, 1-4. Henta frå:  
[https://openknowledge.worldbank.org/bitstream/handle/10986/11629/multi\\_page.pdf?sequence=1](https://openknowledge.worldbank.org/bitstream/handle/10986/11629/multi_page.pdf?sequence=1) (13.01.2015)
- Rose-Ackerman, S. (1997). The political economy of corruption. I Kimberly, A. E. (red) *Corruption and the global economy* (s 31-60). Washington: Institute for International Economics.
- Shleifer, A., & Vishny, R. W. (1993). Corruption. *The Quarterly Journal of Economics*, 108(3), 599-617. doi: 10.2307/2118402
- Svensson, J. (2003). Who Must Pay Bribes and How Much? Evidence from a Cross Section of Firms. *The Quarterly Journal of Economics*, 118(1), 207-230. doi: 10.2307/25053902
- Svensson, J. (2005). Eight Questions about Corruption. *The Journal of Economic Perspectives*, 19(3), 19-42. doi: 10.2307/4134971
- Wei, S.-J. (2000). How Taxing is Corruption on International Investors? *The Review of Economics and Statistics*, 82(1), 1-11. doi: 10.2307/2646667
- Wei, S.-J., & Shleifer, A. (2000). Local corruption and global capital flows. *Brookings Papers on Economic Activity*(2), 303-346. Henta frå: <http://www.jstor.org/stable/2667361>
- World Bank (1999). Vietnam Country Profile 2009, Enterprise Surveys. Henta frå:  
<http://www.enterprisesurveys.org/~media/FPDKM/EnterpriseSurveys/Documents/Profiles/English/vietnam-2009.pdf> (13.01.2015)

# Vedlegg

## Vedlegg 1

Tabell 12a: effekt av korupsjonsbetalingar på verksemdevekst (profittvekst mellom 2012 og 2013).

<b>Avhengig variabel: Verksemdevekst</b>				
Variablar	(1)	(2)	(3)	(4)
Metode	IV	IV	IV	IV
Korupsjonsbetaling	-0.112 (0.147)	-0.166 (0.154)	-0.118 (0.155)	-0.241 (0.210)
Verksemdstørleik	-0.142 (0.0885)	-0.172* (0.0969)	-0.170* (0.0982)	-0.203* (0.106)
Log verksemdalder	-0.185*** (0.0485)	-0.181*** (0.0573)	-0.173*** (0.0568)	-0.161*** (0.0612)
Eksport tredjeland	0.231*** (0.0723)	0.247*** (0.0835)	0.245*** (0.0852)	0.282*** (0.0960)
Vietnamesisk oppkjøp		-0.226* (0.125)	-0.237* (0.132)	-0.310** (0.144)
Eigedomssertifikat			-0.00153 (0.0858)	0.0324 (0.0967)
Regulering				0.127 (0.128)
Infrastruktur				-0.0744 (0.0676)
Konstantledd	0.646* (0.353)	0.792** (0.360)	0.667* (0.359)	1.336** (0.672)
Observasjonar	981	824	796	742

Effekt av korupsjonsbetalingar på verksemdevekst (profittvekst mellom 2012 og 2013). Verksemdspesifikke korupsjonsbetalingar vert instrumentert for gjennom sektorspesifikke gjennomsnitt på provinsnivå. Både den avhengige variablen verksemdevekst og korupsjonsbetaling oppgjevne i intervaller.

Robuste standardfeil i parentesar

\*\*\* p<0.01, \*\* p<0.05, \* p<0.1

Parentesane under F-observatorane er p-verdiar

## Vedlegg 2

Tabell 12b: Effekt av korupsjonsbetalingar på verksemdevekst (profittvekst mellom 2012 og 2013) der ein nyttar ISIC rev.4 kategoriar for alle verksemndene.

<b>Avhengig variabel: Verksemdevekst</b>				
Variablar	(1)	(2)	(3)	(4)
Metode	IV	IV	IV	IV
Korupsjonsbetaling	-0.167 (0.221)	-0.216 (0.256)	-0.224 (0.254)	-0.360 (0.315)
Verksemdestorleik	-0.660* (0.399)	-0.722* (0.400)	-0.726* (0.410)	-0.840* (0.437)
Log verksemdealder	-0.958*** (0.224)	-0.912*** (0.259)	-0.868*** (0.264)	-0.828*** (0.281)
Eksport tredjeland	1.186*** (0.318)	1.099*** (0.352)	1.144*** (0.364)	1.252*** (0.384)
Vietnamesisk oppkjøp		-0.889 (0.564)	-0.939 (0.594)	-1.236* (0.664)
Eigedomssertifikat			-0.104 (0.380)	0.0258 (0.428)
Regulering				0.494 (0.523)
Infrastruktur				-0.430 (0.325)
F-observator	41.0179 (0.000)	28.909 (0.000)	29.6857 (0.000)	24.2543 (0.000)
Konstantledd	2.103*** (0.525)	2.293*** (0.565)	2.230*** (0.565)	5.184 (3.234)
Observasjonar	981	824	796	742
R <sup>2</sup>	0.0715	0.0636	0.0702	0.0709

Effekt av korupsjonsbetalingar på verksemdevekst (profittvekst mellom 2012 og 2013). Verksemdspesifikke korupsjonsbetalingar vert instrumentert for gjennom sektorspesifikke (18 ISIC rev.4-sektorar) gjennomsnitt på provinsnivå.

Robuste standardfeil i parentesar

\*\*\* p<0.01, \*\* p<0.05, \* p<0.1

Parentesane under F-observatorane er p-verdiar

### Vedlegg 3

Tabell 12c: Førstestegsregresjonen for tabell 12.

Avhengig variabel: Verksemdspesifikke korrupsjonsbetalingr	(1)	(2)	(3)	(4)
Verksemdestorleik	-0.214 (0.224)	-0.302 (0.262)	-0.308 (0.261)	-0.253 (0.274)
Log verksemdalder	-0.176 (0.132)	-0.0759 (0.160)	-0.0754 (0.175)	-0.0566 (0.199)
Eksport tredjeland	0.230 (0.187)	0.345 (0.229)	0.218 (0.227)	0.146 (0.212)
Vietnamesisk oppkjøp		-0.240 (0.308)	-0.233 (0.315)	-0.350 (0.259)
Eigedomssertifikat			0.416 (0.282)	0.507* (0.307)
Regulering				0.0435 (0.184)
Infrastruktur				0.129 (0.188)
Korrupsjonsbetaling (IV)	1.056*** (0.175)	1.141*** (0.199)	1.179*** (0.195)	1.190*** (0.209)
Konstantledd	0.242 (0.340)	-0.00715 (0.397)	-0.118 (0.404)	-1.434 (1.720)
Observasjonar	1,212	973	938	853
R <sup>2</sup>	0.053	0.056	0.058	0.066

Robuste standardfeil i parentesar  
\*\*\* p<0.01, \*\* p<0.05, \* p<0.1

**Vedlegg 4:** klassifisering av industriell produksjon etter teknologi-intensitet for ulike ISIC rev. 4-kategoriar.

#### **Classification of Manufacturing Industries by Technological Intensity**

As defined by the OECD and accepted by the UN and the EU

Technological intensity	Code	Description
High technology	21	Manufacture of pharmaceutical products and homeopathic pharmaceutical preparations
	26	Manufacture of computer, electronic and optical products
	303	Manufacture of air and spacecraft and related machinery
Medium-high technology	20	Manufacture of chemicals and chemical products
	252	Manufacture of weapons and ammunition
	27	Manufacture of electrical equipment
	28	Manufacture of machinery and equipment n.e.c.
	29	Manufacture of motor vehicles, trailers and semi-trailers
	30	Manufacture of other transport equipment Excluding: 301 Building of ships and boats 303 Manufacture of air and spacecraft and related machinery
	325	Manufacture of medical, dental and orthopedic instruments and supplies
Medium-low technology	182	Reproduction of recorded media
	19	Manufacture of coke and refined petroleum products
	22	Manufacture of rubber and plastics products
	23	Manufacture of other non-metallic mineral products
	24	Manufacture of basic metals
	25	Manufacture of fabricated metal products, except machinery and equipment Excluding 252 Manufacture of weapons and ammunition
	301	Building of ships and boats
	33	Repair and installation of machinery and equipment
Low technology	10	Manufacture of food products
	11	Manufacture of beverages
	12	Manufacture of tobacco products
	13	Manufacture of textiles
	14	Manufacture of wearing apparel
	15	Manufacture and processing of leather and related products
	16	Manufacture of wood and of products of wood and cork, except furniture; manufacture of articles of straw and plaiting materials
	17	Manufacture of paper and paper products
	18	Printing and reproduction of recorded media Excluding 182 Reproduction of recorded media
	31	Manufacture of furniture
	32	Other manufacturing Excluding 325 Manufacture of medical, dental and orthopedic instruments and supplies

(Kjelde: OECD)

## Vedlegg 5.

Tabell 23: Korupsjonsbetingar til offentleg tilsette som del av årleg inntekt for verksemder frå låg- og mellomkorupsjonsland og frå høgkorupsjonsland.

<b>Låg- og mellomkorupsjonsland</b>		
<b>Prosent av inntekta i uoffisielle betingar</b>	<b>Talet på verksemder</b>	<b>Prosent</b>
0%	210	19,61
Mindre enn 1%	520	48,55
1-2%	192	17,93
2-5%	92	8,59
5-10%	36	3,36
10-20%	15	1,4
20-30%	3	0,28
Over 30%	3	0,28
Sum	1071	100
<b>Høgkorupsjonsland</b>		
<b>Prosent av inntekta i uoffisielle betingar</b>	<b>Talet på verksemder</b>	<b>Prosentandel</b>
0%	28	21,37
Mindre enn 1%	65	49,62
1-2%	25	19,08
2-5%	13	9,92
Sum	131	100

Tabell 23 syner korleis korupsjonsbetingar fordeler seg mellom land som oppnår meir (øvst) eller mindre (nedst) enn 50 poeng på Transparency Internationals persepsjonsbaserte indeks for 2013. Gjennomsnittet for dei to utvala er ikkje forskjellige på 10%-signifikansnivå. Heller ikkje storleiken på verksemdene er forskjellige på 10%-signifikansnivå.